

NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrins



Idrettskrinstinget 2014

**Sandane
laurdag 5. april 2014**

Innhold

Idrettskrinstinget

Program for tinget	Side	4
Saksliste	Side	5
Årsmelding 2012-2013	Side	13
Rekneskap 2012	Side	83
Rekneskap 2013	Side	95
Strategiplan 2014-2016	Side	107

Program

43. ordinære Idrettskrinsting 5. april 2014

Laurdag 5. april

Kl. 09.00 Omvising Trivselshagen. Oppmøte i resepsjonen på Gloppen Hotell

Kl. 09.30 - 10.00 Servering av rundstykker, kaffi og te utanfor tingsalen

Kl. 10.00 – 10.15 Innregistrering av representantar

**Kl. 10.15 - 10.30 Opning av det 43. ordinære Idrettskrinsting
v/leiar Aud Kari Isane
- helsingstalar**

Konstituering av tinget

Kl. 10.30 - 10.45 Sak 1.0 - 1.6 v/leiar Aud Kari Isane

Kl. 10.45 - 12.45 Sak 2.0, 3.0, 4.0, 5.0 v/dirigent

Kl. 12.45 Utdeling av «Idrettsnamnet 2014 – Årets frivillig i fylket»

Kl. 13.00 Lunsj

Kl. 14.00 - 14.20 Sak 6.0 Strategiplan og langtidsbudsjett 2014 - 2015
(evt. framhald etter saklista)

Innleiing:
v/Leiar Aud Kari Isane

Kl. 14.20 - 15.20 Debatt – Strategiplan og langtidsbudsjett 2014 - 2015

Kl. 15.20 - 16.00 Sak 7.0 Val - Presentasjon av valnemnda si innstilling
v/leiar i valnemnda Gunnar Harstad

Kl. 16.00 Avslutning av idrettskrinstinget v/leiar

SAKLISTE

Det 43. ordinære Idrettskrinsting

Sandane 5. april 2014

DM – 670527

SAKLISTE

Opning

Helsingstalar

1.0 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane
- 1.2 Godkjenning av innkallinga
- 1.3 Godkjenning av saklista.
- 1.4 Godkjenning av forretningsorden.
- 1.5 Val av dirigent.
- 1.6 Val av sekretærar.
- 1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

2.0 Årsmelding 2012-2013

3.0 Rekneskap 2012-2013

4.0 Revisjon

- 4.1 Engasjere revisor.
- 4.2 Fastsette revisor sitt honorar.

5.0 Innkomne saker

Ingen innkomne saker

6.0 Strategiplan og langtidsbudsjett 2014 - 2016

7.0 Val

- 7.1 Idrettskrinsstyret
- 7.2 Kontrollkomite
- 7.3 Representantar til Idrettstinget
- 7.4 Valnemnd til neste Idrettskrinsting

AVSLUTNING

SAKSHANDSAMING:

Opning Helsingstalar

1.0 Konstituering

1.1 Godkjenning av dei frammøtte representantane

Idrettskrinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner fullmaktene.

1.2 Godkjenning av innkallinga

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste

1.3 Godkjenning av saklista

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner utlagd sakliste.

1.4 Godkjenning av forretningsorden

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent.
Protokollen vert ført av dei valde sekretæranane, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.
3. På tinget kan ikkje handsamast framlegg om lovending som ikkje er ført opp på den utsende saklista. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte representantane vedtek det, ved godkjenning av saklista.
4. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida vert sett til 5 min første gong, 2 min andre og tredje gong, med unntak for innleiingsforedraget og for representantar som har framlegg på saklista.
Dirigenten kan gjere framlegg om avvik frå dette i omfattande saker, t.d. Handlingsprogram.
Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid.
Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og strek for dei inntegna talarane.

5. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.
6. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
7. Framlegg og vedtak vert ført inn i protokollen, med tal på avleverte stemmer for og i mot.
8. Protokollen vert gått gjennom og underskriven av 2 – to - valte representantar.

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner forretningsorden.

1.5 Val av dirigent:

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent: Reidar Sandal

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av dirigent.

1.6 Val av sekretærar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til val av sekretærar:

Ingar Breilid (Tilsett ved idrettskrinsen sitt kontor)

Vara: Yngve Thorsen, vara (Skikrinsen)

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner framlegget til val av sekretærar.

1.7 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinsstyret gjer framlegg på tinget.

2.0 Årsmelding 2012-2013

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner årsmeldinga for 2012-2013

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret la fram for tinget årsmelding for 2011 til godkjenning.

3.0 Rekneskap 2012-2013

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget godkjenner framlagd rekneskap for 2012-2013

Bakgrunn:

Rekneskap for 2012-2013 er tekne inn i årsmeldinga.

Idrettskrinsstyret syner til meldingar frå tilsett revisor og kontrollkomiteen, tekne inn i årsmelding.

4.0 Revisjon

4.1 Engasjere revisor

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap

Bakgrunn:

I følge NIF-lov § 5-9, pkt. g og SFIK - lov § 10 pkt. 9, skal idrettskrinstinget engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettskrinsen sitt rekneskap.

4.2 Fastsetting av revisor sitt honorar

Idrettskrinsstyret gjer slikt framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å fastsette revisor sitt honorar.

5.0 Innkomne saker

Ingen innkomne saker

6.0 Strategiplan og langtidsbudsjett 2014 - 2016

Idrettskrinsstyret si innstilling:

Idrettskrinstinget vedtek Strategiplan 2014-2016 og ber Idrettskrinsstyret, særkrinsar, særiddrettar, idrettsråd og idrettslag følgje opp hovudutfordringar, hovudmål og delmål i planen.

Vedtak:

Bakgrunn:

Idrettskrinsstyret legg til dette tinget fram strategiplan med langtidsbudsjett for 2014 - 2016.

Planen er først og fremst meint å vere eit hjelpemiddel for arbeidet i idrettskrinsen.

Det vil vidare vere retningsgjevande for styret sitt arbeid i tingperioden.

Strategiplanen er i tillegg meint å vere ei rettesnor for arbeidet i dei andre organisasjonsledda:

Idrettslaga, idrettsråda og særkrinsane. Det er viktig at idretten samlar seg om større oppgåver og at desse vert koordinert best mogleg for å nå nye felles mål.

Langtidsbudsjett 2014-2016 blir lagt til grunn for det vidare arbeidet.

7.0 Val

Valnemnda sitt framlegg vert lagt fram på tinget.

7.1 Idrettskrinsstyret

Leiar:

Nestleiar:

Styremedlem:

Styremedlem:

Styremedlem:

1. varamedlem:

2. varamedlem:

7.2 Kontrollkomite

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

7.3 Representantar til idrettstinget

Framlegg til

Vedtak: Idrettskrinstinget gir idrettskrinsstyret fullmakt til å nemne opp representantar til Idrettsting og eventuelle ekstraordinære Idrettsting.

7.4 Valnemnd til neste idrettskrinsting

Idrettskrinsstyret sitt framlegg vert lagt fram på tinget:

Leiar:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

SLUTT



KlubbAdmin

*Idrettens nye og enkle løsning
for medlemsadministrasjon!*

KlubbAdmin hjelper klubben med å

- administrere medlemmer
- holde orden på familierelasjoner
- sende e-post/sms til medlemmer
- kreve inn kontingenter, treningsavgifter mm.

Online betaling

Send elektroniske betalingskrav til medlemmene. Dette gir enklere oversikt over utsendelser og rimeligere innkreving av kontingenter. Vi tilbyr det rimeligste alternativet for online betalingsløsning i markedet.

Nettbasert løsning

KlubbAdmin er en enkel og sikker nettbasert løsning – krever ingen lokal installasjon av programvare. Dette betyr at du har tilgang til KlubbAdmin hvor som helst og når som helst – så lenge du har påloggingsinformasjon og tilgang til internett.

Flere gode grunner til å velge

KlubbAdmin:

- gratis for idrettslag
- integrert med idrettens øvrige systemer
- enkel innmelding/utmelding for medlemmene via Min idrett
- integrert mot idrettens nasjonale medlemsregister
- håndterer den fremtidige idrettsregistreringen

klubbadmin.nif.no

tlf. 03615

support@idrettsforbundet.no

Besøk vår nettside **klubbadmin.nif.no**

Her finner du mer informasjon, veiledninger og skjermbilder.

Ta gjerne kontakt med oss dersom du har spørsmål på tlf 03615 eller e-post **support@idrettsforbundet.no**

KlubbAdmin er levert av



NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrins



Årsmelding *2012-2013*

ÅRSMELDING 2012-2013 FOR SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

Idrettskrinsstyret summerer opp idrettsarbeidet i fylket	17
ORGANISASJON	22
1.0 Idrettskrinsen.....	22
1.1. Møte og sakshandsaming.....	22
1.2. Tillitsvalde	22
1.3. Tilsette	23
1.4. Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane.....	24
2.0 Idrettslaga og frivillig innsats	27
2.1. Medlemsutvikling	29
2.2. Idrettslag – nye lag – strokne lag.....	30
2.3. Politiattest.....	30
2.4. Kompensasjonsordningar for meirverdiavgift.....	31
2.5. Grasrotandelen.....	31
3.0 Idrettsråd.....	34
3.1. Medlemmer kommunevis og totalt.....	34
3.2. Lokale aktivitetsmidlar (LAM)	35
4.0 Særiddrettar	37
4.1. Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane	37
4.2. Særiddrettar og aktivitetstal i Sogn og Fjordane pr. 31.12.2012	40
4.3. Aktivitetstal for særiddrettane, kommuneoversikt pr. 31.12.2012	41
4.4. Utbreiing av idrettar i Sogn og Fjordane, pr. 31.12.2012.....	42
5.0 Finansiering, rammevilkår, idrett og samfunn.....	44
5.1. Idrett og samfunn	44
5.2. Finansiering av idretten - Rammevilkår	46
5.3. Idretten – lov og organisasjon.....	48
5.4. Inkludering, fleirkulturelt fellesskap	49
5.5. Vilkåra for frivillig arbeid.....	49
5.6. Miljøansvar.....	49
AKTIVITETSUTVIKLING	50
6.0 Innsatsområde	50
6.1. Barneidrett.....	50
6.2. Ungdomsidrett.....	54
6.3. Vaksenidretten	61
6.4. Idrett for funksjonshemma.....	63
6.5. Kompetanseutvikling – klubb utvikling - idrettsrådsutvikling	65
6.6. Idrettsanlegg - nærmiljøanlegg	67
6.7. Idrett og folkehelse	69
6.8. Antidopingarbeidet	70
6.10. Prestasjonsutvikling – toppidrett.....	72
6.11. Idrettssenteret A/S	73
6.12. Prosjektet TOPP - idrettsutvikling for ungdom 16-19 år	73
6.13. Idretten sitt engasjement i Sogn og Fjordane Fylkeskommune si 250 års jubileumsmarkering i 2013.....	75

Vedlegg: Rapport motivasjonsturnè

DM-670711

ÅRSMELDING 2012-2013

SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

VISJON

Idrettsglede for alle

Visjonen ”idrettsglede for alle” skal prege både organisasjonsarbeidet og aktivitetspolitikken. Den skal medverke til at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov, slik det går fram av NIF sin formålsparagraf.

Idrettsglede skal være den viktigaste drivkrafta for dei som deltek, enten ein er utøvar, trenar, domar, frivillig, føresett eller publikum.

Det er gleder ved å delta saman med vener som skal kjenneteikne idrettskvardagen.

”Fair play” skal kjenneteikne all vår aktivitet både i topp og breidde.

Idretten er ein stad for leik, spenning, utfordringar og opplevingar.

Gleda ved å meistre er viktig for alle. Alle som deltek er like viktige uansett prestasjonsnivå.

”Idrettsglede for alle” er ein krevjande ambisjon. Den utfordrar både den enkelte og fellesskapet. Vi lukkast når alle føler seg velkomne, og når samhald og ekte glede pregar kvardagen i idrettslaga.

Idretten i Sogn og Fjordane sitt verdigrunnlag

Idretten i Sogn og Fjordane skal arbeide for at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov og utan å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Vi skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn og dermed styrke vår posisjon som folkerørslø og drivkraft i samfunnet.

Organisasjonsverdiar

Organisasjonen sitt arbeid skal vere prega av *frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd*.

Aktivitetsverdiar

All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som *idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom*.

Idrettskrinsstyret 2012-2014



Styreleiar
Aud Kari Isane



Nestleiar
Arve Heimdal



Styremedlem
Rune H. Sunde



Styremedlem
Ann Kristin Grodås



Styremedlem
Johan K. Kjerstad



Varamedlem
Torill G. Faleide



Varamedlem
Stian Grimseth

Idrettskrinsstyret summerer opp idrettsarbeidet i fylket

IDRETTSORGANISASJONANE - idrettslag, idrettsråd, særkrinsar/regionar/særidrettar og Sogn og Fjordane Idrettskrins - har som **felles hovudmål** å vere ein viktig samfunnsaktør og verdiskapar i Sogn og Fjordane.

Aktiviteten skal fremje trivsel og helse, vere inkluderande og gi rom for utvikling i tråd med egne ambisjonar.

IDRET'TEN SITT viktigast samfunnsbidrag er det som skjer i idrettslaga kvar einaste dag over heile fylket. Dei 188 idrettslaga kunne pr. 31.12.12 (siste tilgjengeleg tal) telje opp 43785 medlemmer eller 40,3% av alle innbyggjarane.

Det blir dagleg lagt ned ein enorm frivillig innsats i idrettsorganisasjonane. Denne kan målast til om lag 800 årsverk.

FRIVILLIG ARBEID er ein føresetnad for å ha gode tilbod i alle lokalmiljø. Nær 26000 barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år deltek i idrettslaga sine aktivitetar i fylket.

Utfordringane ligg i å slå ring om frivillig medlemsbasert virke, ta vare på dei mange eldsjelene, styrke rammevilkåra for idrettslaga og gjere kvardagen enklare i organisasjonsarbeidet.

Frivillig arbeid gir ei ideell verdiskaping, er samfunnsbyggande, skapar fellesskap, gir kompetanse og aukar samfunnet sin sosiale kapital.

DEN ØKONOMISKE VERDISKAPINGA idretten tilfører fylket, utgjer ein viktig faktor for både arbeidsplassar og næringsinntekter.

Denne verdiskapinga skjer t.d. gjennom anleggsutbygging, idretten sin bruk av transport og overnattingsbedrifter og leveransar til idrettsarrangement. Større idrettsarrangement og profilerte idrettsutøvarar/prestasjonsmiljø gir også ein klar, positiv marknadsføringseffekt for fylket.

IDRET'TSLAGA i Sogn og Fjordane driv i hovudsak breiddeidrett. Dei er i så måte viktige aktørar for fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv. Idretten sitt formål er å skape aktivitet, men idrett har også ein eigenverdi – meistring, glede og deltaking i fellesskapet. Styrka eigenverdi gir samfunnet auka nytteverdi gjennom sunne vanar og betre helse.

FOR SAMFUNNET ligg det store utfordringar med fysisk inaktivitet i alle aldersgrupper. Idretten og det offentlege har samanfallande mål om å stimulere til meir fysisk aktivitet for å forebygge god helse.

Regjeringa signaliserer gjennom idrettsmeldinga **Den norske idrettsmodellen** m.a. auka satsing på eigenorganisert fysisk aktivitet.

IDRETTSLAGA legg i stor grad til rette for eigenorganisert aktivitet i sine ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunstgrasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og turorientering er gode døme på tilbod til folk flest. Hornindal Idrettslag med 18000 årlege besøk på sine fjellpostar, kan stå som eit godt og illustrerande døme på korleis legge til rette for bruk av naturen.



Foto: Stig Roger Eide

PÅ FOLKEHELSESIDA er idrettslaga viktige aktørar med sine daglege tilbod med fysisk aktivitet. Føresetnaden for å ta større tak overfor målgrupper, som ordinært ikkje er idrettslaget sine, er at tiltak finansierast må av andre bidragsytarar.

Det ligg eit stort potensiale i offentleg samarbeid med frivillige organisasjonar om å nå fleire inaktive.

Men samarbeidsprosjekt må ikkje gå utover laga sin primæraktivitet. Eit gjennomgåande trekk bør då vere å understøtte frivillig innsats. Ved å stimulere gjennom økonomiske virkemiddel, får vi løyst ut meir aktivitet og når ut til nye målgrupper.

I 2014 vil strategi for idretten sin rolle for eit fysisk aktivt samfunn bli eit viktig tema for norsk idrett.

IDRETTSKRINSEN la i 2013 til rette for å starte opp **folkehelseprosjektet TRIM I Lag**. Mål for prosjektet (tre-årig) er å auke oppslutnaden om fysisk aktivitet i lokalmiljøet. Målet er å stimulere til etablering av nye og vidareutvikle eksisterande låg-terskel aktivitetstilbod i idrettslag i Sogn og Fjordane. Dette blir starta opp i 2014.

IDRET'TEN I SOGN OG FJORDANE har mange gode utviklings- og prestasjonsmiljø som arbeider med kontinuitet og kvalitet.

Vi har toppidrettsutøvarar i individuelle idrettar som hevdar seg på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå med våre fire utøvarar som er tekne ut som OL-deltakarar i Sotsji i 2104, i fremste rekke.

Fleire lagidrettar i fylket kan syne til god prestasjonskultur og høgt idrettsleg nivå over tid.

«**REGIONAL PLAN** for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2014-2017» var i 2013 eit viktig oppgåve å involvere seg i for idretten i fylket. Det er vist stort engasjement både frå idrettskrinsen, særkrinsar/regionar, idrettsråd og lag i planprosessen med innspel til fylkeskommunen og deltaking i planarbeidet.

IDRET'TEN har ei utfordring med å halde ungdommen lengre i organisert aktivitet.

Inneverande handlingsprogram for idretten i fylket har vedtekne mål om å legge til rette for meir lågterskeltiltak for ungdom. Ungdom skal møte inkluderande, varierte og differensierte aktivitetstilbod (fleire val) som fangar opp alle, også dei som ikkje ønskjer å konkurrere.

MÅLET om at fleire ungdomar 13-19 år vel å halde fram som aktive innanfor den organiserte idretten er ikkje nådd.

Altfor mange forlet dei organiserte aktivitetstilboda. Idrettsorganisasjonane har lenge sett utfordringa og har leita etter dei gode løysingane. Det er viktig saman å finne dei gode døma, vise omstillingsevne og samarbeide på tvers av idrettane og organisasjonsledda.

Andre virkemiddel er å stimulere til ungt leiarskap og gi ungdom medansvar for eige idrettsmiljø.

UNGDOMSPROSJEKTET «Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15 – 19 år» er i godt gjenge. Dette treårige prosjektet har først og fremst som mål å bygge ungt leiarskap for jenter, styrke jenterekutteringa og få fleire jenter med som trenarar og leiarar.



LAGSAKTIVITETEN legg grunnlag for gode vanar og interesse for varig fysisk aktivitet hjå barn og unge. Undersøkingar syner at $\frac{3}{4}$ av ungdom som sluttar i idrettslag, held fram med å vere fysisk aktive på andre arenaer.

Levevanar som blir etablerte i barne- og ungdomsåra, er med på å prege helsa resten av livet.

Vi no ei utvikling i der barn og unge for første gong står i fare for å leva kortare enn foreldra sine. Skulen, der ein kan nå alle, er difor ein sentral arena i arbeidet med å utvikle gode haldningar og gode aktivitetsvanar.

Eit virkemiddel og ei utfordring til det offentlige for å bidra til framtidige generasjonar si gode helse, er å *innføre ein time dagleg fysisk aktivitet for barn og ungdom i skulekvardagen.*

IDRETTSLAGA må bruke mykje dugnadsinnsats for å skaffe inntekter. Leigekostnader til trening og konkurransar er ei tung bør for mange lag.

Gratis leige for bruk av offentlege lokale for barn og ungdom er eit klart uttalt mål frå idretten. Denne målsetjinga må følgjast opp og innfriast i alle offentleg anlegg i kommunane og fylkeskommunen sine idrettsbygg.

IDRETTSRÅDA i kommunane er viktige støttespelarar for laga og er kommunen sin nære samarbeidspart i idretts- og anleggssaker. Styra i idrettsråda utgjer ein viktig funksjon med sin frivillige innsats og er ei pådrivarkraft i høve økonomiske rammevilkår og anleggsutvikling lokalt. Dei har sin klare plass og rolle i det kommunale planarbeidet.

KOMMUNEN er idrettsrådet sitt viktigaste samhandlingsorgan. Fleire idrettsråd har i perioden forhandla fram samarbeidsavtalar med kommunen. utfordringa er framover at alle idrettsråd har slik avtale.



Foto: Stig Roger Eide

KRINSLEDDA - idrettskrinsen og særkrinsane - utgjer støttefunksjonane for laga og legg grunnlag for aktivitetsskapinga. Oppgåvene er m.a. utdanning av leiarar, trenarar og domarar, anleggs-, klubb- og organisasjonsutvikling, økonomi- og informasjonsarbeid og tilrettelegging for idrettsarrangement.

DEI ØKONOMISKE RAMMEVILKÅRA for krinsledda er sterkt pressa.

Manglande kompensasjon for løns- og prisstigning over mange år frå sentralledet og frå fylkeskommunen, set støttefunksjonane hardt på prøve. Dette skeivforholdet må rettast opp.

Målet i HP 2012-2014 om at idretten i Sogn og Fjordane har gode og pårekelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling er arbeid godt med i perioden, men er ikkje nådd. Det er utvikla eit tett samarbeid med fylkeskommunen, både på kultur og opplæring. Prosessen med utviklingsavtale mellom idrettskrinsen og fylkeskommunen må fullførast med sikte på å få avtalen på plass i 2014.

GOD HELSE er det vitigaste av alt for innbyggerane i fylket. Idretten er viljug til å ta ytterlegare samfunnsansvar for ei betre folkehelse. Motivasjonen ligg i at offentlege myndigheiter syter for sin del ved å sikre best mogleg rammevilkår for idrettsorganisasjonane.

Tusen takk for innsatsen i 2012-13 til alle dei flotte idrettsvenene vi har rundt i heile fylket og til alle våre samarbeidspartar!

Aud Kari Isane
leiar

Arve Heimdal
nestleiar

Rune Helge Sunde
styremedlem

Ann Kristin Grodås
styremedlem

Johan Kåre Kjerstad
styremedlem

Torill G. Faleide
1. varamedlem

Stian Grimseth
2. varamedlem



Foto: Stig Roger Eide

ORGANISASJON

1.0 Idrettskrinsen

1.1. Møte og sakshandsaming

Idrettskrinstinget 2012

Idrettskrinstinget 2012 vart halde i Balestrand 24.mars med totalt 69 deltakarar (med gjester og administrasjon).

Årsmelding og protokoll finn du på heimesida.

Link:

<http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/omidrettskrinsen/Sider/Idrettskrinstinget2012.aspx>

Møte i idrettskrinsstyret

Styret i Sogn og Fjordane Idrettskrins har i perioden hatt 13 møte og handsama 84 saker.

Viktige saker som styret har arbeidd med i perioden:

- Ungdoms- og folkehelseprosjekt
- Regional plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2014-2017
- Finansiering (gjennom prosjekt)
- Politisk påverknad og styrking av rammevilkåra
- Oppfølging spissa idrettstilbod i vidaregåande skule
- Samarbeidsavtale idrettsråd – kommune
- Skulebruksplanen for vidaregåande skule

1.2. Tillitsvalde

Idrettskrinsstyret

Leiar:	Aud Kari Isane	Balestrand
Nestleiar:	Arve Heimdal	Stårheim
Styremedlemmer:	Rune Helge Sunde	Nordfjardeid
	Johan Kåre Kjerstad	Førde
	Ann Kristin Grodås	Stryn
	Friteke frå 01.03.13 pga. prosjektstilling i SFIK	
Varamedlemmer:	Torill G. Faleide	Førde
	Stian Grimseth	Naustdal

Revisjon

Engasjert revisor:	PricewaterHouseCoopers	Førde
Kontrollkomite:	Bjarte Urne	Førde
	Björg Eikum Tang	Sogndal
Varamedlemmer:	Ann Kristin S.Vindheim	Førde
	Terje Steinar Vallestad	Viksdalen

Valnemnd

Leiar:	Gunnar Harstad	Stryn
Medlemmer:	Dagfinn Nyhammer	Gloppen
	Marit Øen	Dale
Varamedlem:	Gunnar Solbakken	Sogndal

1.3. Tilsette

Tilsette i Sogn og Fjordane Idrettskrins

Ved utgangen av 2013 hadde Sogn og Fjordane Idrettskrins fire tilsette fordelt på 2,8 årsverk. I perioden har Sogn og Fjordane Idrettskrins hatt desse tilsette:

Tittel	Namn	Still. andel	Tilsett
Organisasjonssjef	Øyvind Indrebø	100%	01.08.11 – 31.07.12
Organisasjonssjef	Anne Leversund	100%	01.09.12 -
Plan- og utdanningsleiar	Ingar Breilid	100%	01.06.76 – 30.09.13
Plan- og utdanningsleiar	Ingar Breilid	60%	01.10.13 -
Økonomikonsulent	Erling Benjaminsen	100%	05.07.99 -
Konsulent	Odd Bjarne	50%	01.08.11 – 31.08.12
Prosjektleiar ungdomsprosjekt	Ann Kristin Grodås	20%	01.03.13 -
Arbeidspraksis i ordinær virksomhet (gjennom NAV)	Anne Line Herland Haukaas	12 t. pr.veke	01.01.13 – 31.10.13

Tilsette i særkrinsar/regionar og særforbund

Ved utgangen av 2013 hadde særiddrettane ni tilsette i Sogn og Fjordane fordelt på fem særkrinsar og 8,2 årsverk.

Tittel	Namn	Still. andel	Tilsett periode
Fotball			
Dagleg leiar	Svein Olav Myklebust	100%	01.08.86 -
STU Spelarutvikling	Jan Tore Jåstad	100%	01.01.11 – 31.12.13
KU Klubb utviklar	Per Are Verlo	100%	01.02.05 -
Dommar- og seriekonsulent	Yngve Håkonsen	100%	14.09.05 -
Aktivitets og arr. ansvarleg	Hildegunn Hove	100%	01.12.09 -
Andre			
Dagleg leiar Friidrett	Narve Heggheim	100%	01.01.04 -
Administrasjonssjef Ski	Yngve Thorsen	100%	01.10.05 – 31.07.11
Administrasjonssjef Ski	Yngve Thorsen	50%	01.08.11 – 31.05.13
NSF - prosjektleiar	Yngve Thorsen	50%	01.08.11 – 31.05.13
Konsulent	Anders Felde	50%	01.08.11 – 31.05.13
Administrasjonssjef Ski	Yngve Thorsen	100%	01.06.13 -
NHF Region Nord-Vest	Terje Holvik	50%	01.05.11 – 31.08.12
NHF Region Nord-Vest	Barbro Kroken	50%	20.08.12 -
NVBF Region Sogn og Fjordane	Mathias Loftesnes	100%	01.06.12 – 30.06.13
NVBF Region Sogn og Fjordane	Jonas Kvalen	70%	07.08.13 -
Fagkonsulent NOF	Gunnar Gytri	100%	01.01.03 – 31.12.12

1.4. Representasjon og møte i idrettsorganisasjonane

Representantar i nemnder, råd eller utval

Aud Kari Isane: Programkomitè for møta mellom NIF og idrettskrinsane 2011 -2014.

Eigen representasjon og deltaking i andre sine møte

Idrettskrinsstyret har representert på NIF-ting, leiarmøta i NIF og andre sentrale møte i NIF, møte med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og kommunar, på politisk og administrativt miljø. Idrettskrinsstyret og/eller administrasjonen har vore representert på særkrins-/regionstinga, på årsmøta i idrettsråda, ved jubileumsarrangement i idrettslag og møte elles med organisasjonsledda og andre.

Type	Stad/organisasjon	Dato	Representant
Opning av Hoffslåttane skileikanlegg	Viksdalen	25.01.12	Arve Heimdal
Trenarforum	Skei	02.02.12	Ingar Breilid/Øyvind Indrebø
Krinsting	SF Orienteringskrins	04.02.12	Arve Heimdal
Krinsting	SF Rytarkrins	26.02.12	Aud Kari Isane
Årsmøte	Askvoll Idrettsråd	09.03.12	Ingar Breilid
Årsmøte	Selje Idrettsråd	20.03.12	Ingar Breilid
Årsmøte	Stryn Idrettsråd	20.03.12	Arve Heimdal
Årsmøte	Gloppen Idrettsråd	21.03.12	Arve Heimdal
Årsmøte	Sogndal Idrettsråd	21.03.12	Odd Bjarne Solheim
Årsmøte	Førde Idrettsråd	22.03.12	Geir Espe / Øyvind Indrebø
IK-ting	Balestrand	24.03.12	Isane, Heimdal, Grimseth, Grodås, Sønnestyn, + adm.
Krinsleiarmøte NIF	Gardermoen	27.03.12	Aud Kari Isane
Årsmøte	Årdal Idrettsråd	11.04.12	Eirik Nedrehagen
Krinsting	SF Bandykrins	11.04.12	Arve Heimdal
Årsmøte	Luster Idrettsråd	12.04.12	Ingar Breilid
Krinsting	SF Friidrettskrins	19.04.12	Arve Heimdal
Krinsting	NVBF Region SF	19.04.12	Johan Kjerstad
Årsmøte	Eid Idrettsråd	26.04.12	Ingar Breilid
Krinsleiarmøte NIF	Helsfyr	27.04.12	Aud Kari Isane, Øyvind Indrebø
Krinsting	SF Seglkrins	30.04.12	Aud Kari Isane
Regionsting	NHF Region Vest	12.-13.05.12	Aud Kari Isane
Krinsting	SF Skiskyttarkrins	30.05.12	Arve Heimdal
Idrettsting	NIF	08.-10.06.12	Isane, Grodås, Heimdal, Indrebø
Regional Plan, dialogmøte	Fylkeskommunen	21.08.12	Anne Leversund
Regional plan, arbeidsgruppa	Fylkeskommunen	05.09.12	Anne Leversund
Byrkjeloleikane	Byrkjelo	08.09.12	Anne Leversund
Krinsleiarmøte NIF	Gjøvik	14.-16.09.12	Aud Kari Isane, Anne Leversund
Opning fleirbrukshall	Hornindal	14.09.12	Arve Heimdal
Dialogmøte	NIF	19.09.12	Aud Kari Isane
Styremøte Idrettssenteret	Sogndal	23.09.12	Aud Kari Isane / Anne Leversund
Spelkonferanse	Lotteri og st. tilsynet	26.09.12	Anne Leversund
Årsmøte	Høyanger Idrettsråd	01.10.12	Anne Leversund
Sjumilssteg presentasjon	Fylkesmannen i S & FJ	16.10.12	Anne Leversund
Fellesmøte SK	Idrettens hus	17.10.12	Ingar Breilid / Anne Leversund
75-årsjubileum	Selje IL	19.10.12	Arve Heimdal

Styremøte Idrettssenteret	Sogndal	19.10.12	Aud kari Isane /Anne Leversund
Saksbehandlerseminar	NIF Oslo	25.10.12	Anne Leversund
Lov og dom seminar	NIF Oslo	26.10.12	Anne Leversund
100-årsjubileum	Florø SK	03.11.12	Anne Leversund
Idrettspolitisk møte med SK	Skei	05.11.12	Anne Leversund
Haustmøte	SF Skikrins	06.11.12	Anne Leversund
Regional plan	Fylkeskommunen	07.11.12	Anne Leversund
Idrettsrådssamling	Idrettens hus	08.11.12	Anne Leversund , Ingar Breilid
IR-samling	Sogndal	15.11.12	Anne Leversund
Frukost sem. Sogndal fotball	Campus	16.11.12	Anne Leversund
Miljøhelg fotballkrinsen	Førde	17-18.11.12	Aud Kari Isane /Anne Leversund
Terminlistemøte SK	Idrettens hus	20.11.12	Anne Leversund/Ingar Breilid
Politikardag	Fylkestinget	26.11.12	Fænn, Isane, Leversund
Topp prosjektgruppa	Campus	03.11.12	Anne Leversund
Fellesforum NIF/SF	NIF	13.12.12	Anne Leversund
Styremøte Idrettssenteret	Campus	17.12.12	Anne Leversund
Møte Sogn og Fjordane Turlag	Idrettens hus	15.01.12	Ingar Breilid /Anne Leversund
Regional plan ST gr	Fylkeskommunen	08.01.13	Anne Leversund
Flora vidaregåande skule , presentasjon av IK	Flora vgs	23.01.13	Anne Leversund
Fellesmøte IK-SK	Sandane	01.02.13	Isane, Grodås, Sunde + adm
Årsmøte	Fjaler Idrettsråd	06.02.13	Anne Leversund
Jubileumskarussell	Tverrfjeldilten, Ullsheim	16.02.13	Ann Kristin Grodås, Arve Heimdal
Regional plan	Fylkeskommunen , Skei	26.02.13	Anne Leversund
Regional plan , temasem	Fylkeskomm, Sandane	02.03.13	Anne Leversund
Org. Sjef samling	NIF .Voss	6-8.03.13	Anne Leversund
Krinsting	SF Symjekrins	09.03.13	Arve Heimdal
Årsmøte	Gloppen Idrettsråd	13.03.13	Anne Leversund
Årsmøte	Askvoll Idrettsråd	13.03.13	Ingar Breilid
Årsmøte	Stryn Idrettsråd	19.03.13	Anne Leversund, Ann Kristin Grodås
Årsmøte	Førde idrettsråd	20.03.13	Anne Leversund
Skulebruksplan, høyringsmøte	Fylkeskommunen	20.03.13	Anne Leversund
Topp prosjektet	Campus	20.03.13	Anne Leversund
Årsmøte Sogndal Idrettsråd	Sogndal	21.03.13	Ingar Breilid
Regional plan , temaseminar	Campus	03.04.13	Anne Leversund
Årsmøte	Årdal Idrettsråd	03.04.13	Anne Leversund
Stand SP-landsmøte	Loen	06.04.13	Aud Kari Isane, Rune Sunde
Regional plan	Fylkeskommunen	09.04.13	Anne Leversund
Spissa satsing vgs	Skei	11.04.13	Anne Leversund
Regional plan dialogmøte	Fylkeskomm. Skei	11.04.13	Anne Leversund
SU NIF /HK	NIF	15.04.13	Anne Leversund
Årsmøte	Florø Idrettsråd	16.04.13	Anne Leversund
Årsmøte	Luster Idrettsråd	18.04.13	Anne Leversund
Avslutning Topp prosjektet	Sogndal	19.04.13	Ingar/Aud Kari/Anne
Stimuleringssamling	Sogndal	20.04.13	Ingar/Anne
Krinsting	NVBF Region SF	24.04.13	Johan Kjerstad
Regional plan	Fylkeskommunen	24.04.13	Anne Leversund
Intro KlubbAdmin	NIF Oslo	25.04.13	Anne Leversund
Krinsleiar møte NIF	Gardermoen	26.04.13	Aud Kari Isane
Tildelingsseminar folkehelse	Ullevål	02.05.13	Ingar Breilid
Jubileumskarussell	Jølster Rundt	12.05.13	Johan Kjerstad, Ingar Breilid

Krinsting	SF Bandykrins	22.05.13	Johan Kjerstad
Open dag, Sogndal IL	Sogndal	25.05.13	Anne Leversund
Møte skulebruksplan	Fylkestinget	27.05.13	Aud Kari Isane, Anne Leversund
Vgs spissa satsing	Skei	28.05.13	Ingar Breilid /Anne Leversund
Krinsting	SF Skiskyttarkrins	29.05.13	Arve Heimdal
Krinsting	SF Skikrins	31.05.13	Arve Heimdal
Krinsleiar møte NIF	Sandefjord	31.05-01.06.13	Aud Kari Isane, Anne Leversund
Veiledersamling	Skei	03.06.13	Ingar Breilid /Anne Leversund
Saksbehandlere seminar	NIF/Molde	5-6.06.13	Erling/Ingar/Anne
Friddrettsfestivalen	Florø	08.06.13	Heimdal/Leversund
Stemmerettsjubileet	Fylkeskommunen/Movika	11.06.13	Anne Leversund
NRK sommarfest	Sparebanktiftinga	14.06.13	Anne Leversund
Jubileumskarussell	Molden Opp, Marifjøra	15.06.13	Arve Heimdal, Aud Kari Isane
Årsmøte Driftssameige Concord	Concorde	21.06.13	Anne Leversund
Generalforsamling Concord AS	Concorde	21.06.13	Anne Leversund
Jubileumsløp	Mensen Ernst Minneløp	03.08.13	Isane, Leversund, Breilid
Politisk møte	Sogndal	25.08.13	Leversund, Isane, Heimdal, Kjerstad
Regional plan , dialogmøte	Fylkeskommunen	27.08.13	Anne Leversund
Motivasjonsløp med foredrag og idrettsaktivitetar	Løpekongen Menschen Ernst gjennom fylket på 7 dagar	13.-19.09.13	Arve Heimdal, Erling, Anne, Ingar
Krinsleiar møte NIF	Oslo	13.-15.09.13	Aud Kari Isane
Styremøte Idrettssenteret	Sogndal	27.09.13	Aud Kari Isane /Anne Leversund
KlubbAdmin	NIF/Gardemoen	14.10.13	Erling Benjaminsen
Teater Menschen Ernst jubileum	Førde	26.10.13	Styret+ administrasjon
Regional plan	Fylkeskommunen	29.10.13	Aud Kari Isane
Terminlistemøte SK	Idrettens hus	18.11.13	SK + Ingar og Anne
Barne og ung.konferanse	NIF Trondheim	21.22.11.13	Anne Leversund
Vestlandsmøte Hordaland/Rogaland	Flesland , Bergen	25.11.13	Aud Kari Isane /Anne Leversund
Ærlig talt antidopingseminar	Idrettens hus	26.11.13	Torill/Stian + adm
Kretsting	SF Fotballkrets	30.11.13	Aud Kari Isane /Anne Leversund
Fellesforum	NIF	04.12.13	Anne Leversund
Regional plan , Fylkestinget	Fylkeskommunen	10.11.13	Aud Kari Isane
Folkehelseseminar	NIF	11.12.13	Ingar Breilid
Styremøte Idrettssenteret	Sogndal	16.12.13	Aud Kari Isane /Anne Leversund

2.0 Idrettslaga og frivillig innsats

Mål: Det frivillige arbeidet i idretten er styrka og halde ved lag som den bærande krafta i idrettslaga.

Hjørnesteinane i idretten er idrettslaga. Laga bidreg til å skape bærekraftige lokalmiljø og gode oppvekstvilkår for barn og unge i fylket.

I Handlingsprogram 2012-2014 er dette området eitt av to hovudprioriterte innsats-område.

Eit viktig mål for overordna ledd er å gjere den administrative kvardagen enklare for idrettslaga.

Medlemstalet i dei 188 idrettslaga pr. 31.12.12 var **43785** medlemmer eller 40,3 prosent av innbyggjarane. Nær 26000 barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år deltek i idrettslaga sine aktivitetar i fylket.

Idrettslaga i Sogn og Fjordane driv i hovudsak breiddeidrett. Dei er i så måte viktige aktørar for fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv. Idretten sitt formål er å skape aktivitet, men idrett har også ein eigenverdi – meistring, glede og deltaking i fellesskapet. Styrka eigenverdi gir samfunnet auka nytteverdi gjennom sunne vanar og betre helse.

Idrettslaga legg i stor grad til rette for eigenorganisert aktivitet i sine ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunstgrasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og turorientering er gode døme på tilbod til folk flest.

Lagsaktiviteten legg grunnlag for gode vanar og interesse for varig fysisk aktivitet hjå barn og unge. Undersøkingar syner at $\frac{3}{4}$ av ungdom som sluttar i idrettslag, held fram med å vere fysisk aktive på andre arenaer. Levevanar som blir etablerte i barne- og ungdomsåra, er med på å prege helsa resten av livet.

Frivillig arbeid er ein føresetnad for å ha gode tilbod i alle lokalmiljø. Frivillig innsats gir ideell verdiskaping, er samfunnsbyggande, skapar fellesskap, gir kompetanse og aukar samfunnet sin sosiale kapital.

Det blir dagleg lagt ned ein svært stor frivillig innsats i idrettsorganisasjonane. Denne kan årleg målast til mellom om lag 800 årsverk.

Utfordringane ligg i å slå ring om frivillig medlemsbasert virke, ta vare på dei mange eldsjelene, styrke rammevilkåra for idrettslaga og gjere kvardagen enklare i organisasjonsarbeidet.

Handlingsplan 2012-2014 har følgjande delmål med oppfølgingsansvar også frå særiddrettane:

- a) idrettskrinsen, særkrinsane/regionane og idrettsråda arbeider for å gjere den administrative kvardagen enklare for idrettslaga
- b) idrettskrinsen og særkrinsane/regionane legg i perioden særleg vekt å stimulere det frivillige arbeidet i idrettslaga t.d. gjennom lagsbesøk og på andre møtearenaer med idrettslaga
- c) idrettskrinsen og særkrinsane/regionane skal støtte idrettslaga i arbeidet med å redusere fråfall med å lage breiast mogleg aktivitetstilbod for barn og unge ved å styrke allsidigheit og meistring

Idrettskrinsen har bidrege til nå målet gjennom m.a. klubb utviklingstiltak, lags- og idrettsrådsbesøk, i møte med politikarar og ved pressemeldingar/kronikk. Sjø elles pkt. 6.5 Kompetanseutvikling – tiltak klubb utvikling.

Idrettskrinsen har bedt om tilbakemelding frå særkrinsane/regionane på tiltak som har gitt bidrag til å nå nemnde delmål i perioden.

Følgjande har gitt tilbakemelding: **Sogn og Fjordane Bandykrets, Sogn og Fjordane Orienteringskrins, Sogn og Fjordane Fotballkrets, NHF Region Vest, Sogn og Fjordane Skikrins og Sogn og Fjordane Fridrettskrins.**

Oppsummering frå tilbakemeldingane:

Bandy:

- a) arbeider med å gjere kvardagen enklare for laga, fleire tiltak for klubbane, positiv oppleving med å ha delteke på IK sitt leiarkurs for ungdom
- b) alle får delta utan press, vekt på å motivere for trenar- og dommarutdanning, legg opp sosiale helgar og planlegg å lage kretslag for dei som er motiverte for satsing

O-idrett:

- a) O-krinsen har letta arbeidet på arrangørsida for laga ved O-cad-samlingar og kurs i løpsadministrasjon. O-krinsen krev lite rapportering frå idrettslaga.
- b) legg opp samlingar for laga og fellesturar i samband med O-løp.
- c) skulesprint-arrangement ved 10 skular. Dekkar kostnader samlingar for ungdom.

Fotball:

- a) SFFK lanserer «Kvalitetsprosjektet» - meir profesjonell og strukturert administrativt arbeid i klubbane, 10 klubbar frå hausten 2013
- b) SFFK driv utstrekkt klubb-besøksverksemd, 60-70 klubbar i 2013. Andre møtearenaer er m.a. toppleiarssamlingar og miljøhelg
- c) arbeider etter flest mogleg – lengst mogleg – best mogleg, rekruttering eit hovudtema på arenaer med klubbane

Handball:

- a) fokus på funksjonelle IT-system, overgangar og omberamming elektronisk,
- b) har fire møteplassar i S/F. med to møte pr. sesong og terminlistemøte årleg og temakonferansar i samband med klubbleiarmøte/krinsting,
- c) har progresjon i konkurransetilbodet minihandball frå 6-11 og vidare til ordinær handballaktivitet 12 år og oppover, lite konkurransefokus i dei yngste klassane, fokus meir på meistring enn på resultat

Ski:


- SFSK legg vekt på å utvikle www.skikrinsen.no som ein god informasjonsportal for laga
- b) SFSK avviklar vår- og haustmøte (fellesmøte m/ laga) kvart år, i tillegg til Skikrinsting anna kvart år elles er det gjennomført ei rekke klubbbesøk, og ikkje minst besøk og arbeid knytt til anleggsutvikling (langrenn, hopp, alpint).
 - c) viser til Norges Skiforbund sitt prosjekt knytt til utvikling av nye idrettsmiljø og trenarprofilar

Friidrett:

- a) SFFIK legg vekt på å hjelpe laga for å lette kvardagen for tillitsvalde. Det er laga nye påmeldings og arrangementsprogram for aktivitet både på og utanfor bane, noko som vil lette arbeidet ved arrangement.
I samband med kurs og utdanningstiltak i laga legg krinsen til rette og tek alt det administrative arbeidet.
- b) Gjennomfører klubb utviklingstiltak og dialogmøte med klubbane gjennom året.
- c) Arbeider for større aktivitetstilbod til aldersgruppa 15+, noko som også får auka fokus sentralt i organisasjonen.
Har fokus på å få fleire ungdommar til å ta leiaransvar og har fleire deltakarar frå fylket med i det årlege «Ung leder» prosjektet sentralt.

2.1. Medlemsutvikling

Figuren syner utviklinga i medlemsmassen i Sogn og Fjordane fordelt på kjønn for perioden 1983 – 2012. Tala er basert på idrettsregistreringa pr. 31.12. (2012 er det siste året det er mogleg å hente ut tal til årsmeldinga).



Medlemstalet i dei 188 idrettslaga var pr. 31.12.2012 43785 medlemmer som tilsvarar 40,3% av innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane er blant dei fylke i landet med høgast medlemstal målt høve innbyggartal.

Medlemstalet har hatt ein liten årleg nedgåande tendens frå 2008-2010.

Det er viktig framover at idrettslaga held oppe sitt gode arbeid med å rekruttere medlemmer for å oppretthalde det høge nivået vi har i fylket i høve medlemstal.

2.2. Idrettslag – nye lag – strokne lag

Nye idrettslag			
Luster Telemarkklubb	Måløy Frisbee Club	Fjaler Symjeklubb	
Fjordane Bogeskyttarlag	Gulen Sportskyttarlag		
Strokne idrettslag			
Førde Seglklubb	Værlandet Køyre- og Rideklubb	Fjellhug/Vereide - Hyen Skiklubb	
Nye grupper			
Kvammen IL	Volleyballgruppe	Sandane T&IL	Klatregruppe
Sandane T&IL	Tennisgruppe	Brekke IL	Skyttargruppe
Sandane T&IL	Symjegruppe	Svelgen T&IF	Bogeskyting
Loen IL	Volleyballgruppe	Tambarskjelvar IL	Bogeskyting
Årdalstangen IL	Innebandygruppe	IL Bjørn	Symjegruppe
Førde Cykleklubb	Triathlongruppe	Florø T&IF	Styrkeløftgruppe
Gaular IL	Klatregruppe	Fanaråk IL	Innebandygruppe
Skavøypoll IL	Dykkergruppe		
Strokne grupper			
Hafslo IL	Handballgruppe	Brandsøy SK	Fotballgruppe
Sandane T&IL	Skigruppe	Florø T&IF	Taekwondo-gruppe
Ytre Solund IL	Friddrettsgruppe	Lavik IL	Skigruppa
Svelgen T&IF	Vektløftargruppe	Eid IL	Volleyballgruppe
Hyen IL	Sykkelgruppe		
Namneendring			
Eidsfossen Sykkelklubb	Endra til:	Sandane Sykkelklubb	

2.3. Politiattest

Alle personar som skal utføre oppgåver i eit idrettslag, som inneberer eit tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige, personar under 18 år, eller menneske med utviklingshemming, skal ha vist fram politiattest.

Dette medfører at personar i idrettslag med trenar- og/eller leiaroppgåver og som har direkte kontakt med utøvarar under 18 år eller menneske med utviklingshemming, vil kome inn under ordninga.

I perioden har idrettskrinsen gjennomført oppfølgingsarbeid for å kvalitetssikre ordninga og sikre at personar i idrettslaga (som skal ha politiattest) har følgd opp kravet om dette og registrert seg med ein ansvarsperson i idrettsregistreringa.

Idrettskrinsen si oppgåve er å sjå til at idrettslaga, er kjent med og har sett i gang ordninga og har oppnemnt eit styremedlem som kontaktperson for politiattest.

Laga si oppgåve er å sikre at alle som etter krava skal ha politiattest, viser fram denne for idrettslaget sin kontaktperson. Dette er ei kontinuerleg oppgåve som krev gode rutinar i laga.

2.4. Kompensasjonsordningar for meirverdiavgift

Momskompensasjon – idrettsanlegg

Den rammestyrt ordning for kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg er søknadsbasert og blir forvalta av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

År	Løyving frå Stortinget	Tildelt beløp	Tildelt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	50.000.000,-	14,3 mill	230.464,-
2011	60.000.000,-	26.7 mill	3.554.744,-
2012	61.850.000,-	60.4 mill	1.195.027,-
2013	63.800.000,-	62.3 mill	317.178,-

Momskompensasjon - varer og tenester

Formålet med ordninga er å kompensere dei kostnadane som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) skal forvalte ordninga på vegne av alle sine medlemsorganisasjonar.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader < 5 millionar skal berre rapportere eitt enkelt tal, dei totale driftskostnadene til den frivillige og ikkje-fortenestebaserte verksemda.

Dei totale driftskostnadene skal hentast direkte frå det årsmøtegodkjente regnskapet.

Rapporteringa skal skje til SportsAdmin, idrettens eige organisasjons-register.

Idrettsorganisasjonar med totale driftskostnader > 5 millionar skal søke på eige fastsett skjema vedlagd stadfesting frå revisor. Skjemaet og stadfestinga sendast NIF.

År	Total tildelt	Utbetalt til idrettslag i Sogn og Fjordane
2010	397.860.582,-	1.760.561,-
2011	597.126.429,-	4.141.470,-
2012	619.583.288,-	3.918.371,-
2013	940.966.170,-	5.962.141,-

2.5. Grasrotandelen

Med verknad frå 01.01.2009 kan fem prosent av det den enkelte spelar for på Norsk Tipping sine spel, bli øyremarka til ein lokal frivillig organisasjon. Ein spelar kan velje ut eit lag vedkomande ønskjer å støtte. Laget får overført ein sum tilsvarende fem prosent av speleinnsatsen utan at det reduserer det den einskilde spelar for eller eventuell premie. "Grasrotandelen" er eit godt høve for idrettslaga å få direkte støtte til sitt arbeid i lokalmiljøet. I Sogn og Fjordane er pr. 31.12.11. 137 idrettslag/klubbar registert som grasrotmottakarar.

I 2010 var det utbetalt **kr. 3.853.903** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2011 var det utbetalt **kr. 4.090.840** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2012 var det utbetalt **kr. 4.616.383** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

I 2013 var det utbetalt **kr. 4.528.107** av grasrotandelen til idrettslag i Sogn og Fjordane.

Dei laga som hadde størst utbetaling av grasrotandelen var:

Grasrotandel 2010		Grasrotandel 2011:	
Idrettslaget Høyang	271.391	Idrettslaget Høyang	251 009
Idrottslaget Jotun	196.321	Eid Idrettslag	187 775
Eid Idrettslag	175.849	Stryn Turn og Idrettslag	160 517
Førde Idrettslag	158.286	Årdal Fotballklubb	160 374
Stryn Turn og Idrettslag	154.408	Førde Idrettslag	159 136

Grasrotandel 2012		Grasrotandel 2013:	
Idrettslaget Høyang	237.233	Eid Idrettslag	193.195
Eid Idrettslag	223.596	Idrettslaget Høyang	181.633
Førde Idrettslag	200.610	Førde Idrettslag	179.008
Stryn Turn og Idrettslag	157.335	Idrottslaget Jotun	172.611
Idrottslaget Jotun	149.768	Gaular Idrettslag	154.006



Status – utfordringar idrettslag og frivillig innsats

- Målet om at frivillige arbeidet i idretten er styrka og halde ved lag som den bærande krafta i idrettslaga, er vanskeleg å måle. Tilgangen på frivillige til verv i styre i laga er ein målestokk. Idrettslag har utfordringar med rekruttere tillitsvalde og trenarar, men i det store og heile er inntrykket at dei klarer å løyse dette.
- Støtteordningane med lokale aktivitetsmidlar, momskompensasjon for varer og tenester og grasrotandelen, tilfører idrettslaga midlar som kan lette kvardagen noko på økonomisida for dei frivillige.
Totalt vart det i 2012 tilført 12,3 millionar kroner til drift i idrettslaga som svarar til kr. 65.425,- i snitt pr. idrettslag i fylket.
I 2013 auka summen til 14,3 mill. kroner og utgjorde kr. 76.342,- i snitt pr. idrettslag.
- Idrettslaga må likevel bruke mykje dugnadsinnsats for å skaffe inntekter. Leigekostnader til trening og konkurransar er ei tung bør for mange lag.

- Utfordringa for idretten ligg i å arbeide politisk overfor kommunane med å styrke rammevilkåra for barne- og ungdomsidretten. Idretten må bli enno betre med å synleggjere omfanget av frivillig innsats og betydninga av å drive idrett og fysisk aktivitet for dei unge.
- Å gjere kvardagen enklare for idrettslaga, er ei viktig målsetjing for overordna organisasjonsledd i idretten. Å setje av tid i idrettslaga til kompetansetiltak, vil lette lagsarbeidet og gi betre grunnlag for utvikling.
- Det er ei stor utfordring for idrettskrinsen å nå ut med informasjon gjennom idrettslaga til målgruppene for ulike tiltak og tilbod. Oppfordringa ligg i at alle idrettslag, idrettsråd og særkrinsar distribuerer vidare informasjon til alle sine «elektroniske kontakta» med dei hjelpemiddela for informasjonsspreiing som ein har tilgjengeleg i dag.
- «**Nytt frå idrettskrinsen**» som informasjonskjelde til heile idrettsorganisasjonen kom i gang i 2013, og det er ei oppfordring til alle melde inn nytt som har interesse for heile idretten i fylket.
- Vi kan ikkje ta for gitt at nye generasjonar vil legge så mykje tid inn i frivillig arbeid som det vi ser i dag.
- Utfordringane ligg i å slå ring om frivillig medlemsbasert virke, ta vare på dei mange eldsjelene. Det er viktig å lage gode og motiverande samlingsarenaer for leiarane.
- Alle organisasjonsledd må ha fokus på å vere god å «pleie» dei frivillige og ha lokale og regionale samlingar for dei tillitsvalde. Idrettskrinsen vil m.a. legge til rette samlingar for leiarar i idrettslag og idrettsråd i komande tingperiode.

3.0 Idrettsråd

Pr. 31.12.13 er det 16 idrettsråd i fylket. I dei 10 andre kommunane (med få lag) tek det største idrettslaget i vare idrettsrådsfunksjonen.

Idrettsråda har ein viktig idrettspolitisk funksjon som felles talerøyr for idrettslaga inn mot kommunen.

Styra i idrettsråda er elles viktige bidragsytarar i planprosessar med kommunedelplanar for idrett og friluftsliv, ved å sikre areal i samband med offentleg planarbeid og ved bygging av idrettsanlegg.

Andre konkrete oppgåver for idrettsrådet er fordeling av Lokale aktivitetsmidlar (LAM), (sjå eige punkt) og prioritering av søknader om spelemidlar og innstilling til løyving av kommunale midlar til idrettslaga.

Idrettsråda har sentrale møteplassar for utvikling av aktivitet i lokalmiljøa. Årsmøta og andre fellesmøte i regi av idrettsråda, er viktige arenaer for dialog og samhandling mellom idrettslaga og styret i idrettsrådet og med idrettskrinsen.

Idrettskrinsen har i perioden hatt 22 idrettsrådsbesøk med temainnslag på årsmøta.

Det er gjennomført to regionale samlingar for idrettsråda, Sunnfjord og i Sogn.

Idrettskrinsen har følgd opp idrettsråda med rettleiing m.a. i samband med fordelinga av lokale aktivitetsmidlar.

Sjå elles pkt. **Kompetanseutvikling – idrettsråd tiltak**

3.1. Medlemer kommunevis og totalt.

Kommunar	2009	2010	2011	2012
Askvoll	1.224	1.214	1.160	1.076
Aurland	659	699	619	658
Balestrand	593	555	548	591
Bremanger	1.319	1.250	1.293	1.310
Eid	2.874	3.001	2.837	2.922
Fjaler	996	1.145	1.082	1.048
Florø	4.570	4.523	4.837	4.746
Førde	2.853	2.755	2.734	2.868
Gaular	872	799	793	784
Gloppen	3.944	4.001	4.070	3.892
Gulen	975	1.083	979	1.056
Hormindal	418	367	410	405
Hyllestad	396	405	380	385
Høyanger	1.875	1.842	1.830	1.857
Jølster	1.398	1.362	1.365	1.384
Leikanger	925	932	1.056	969
Luster	1.725	1.974	2.178	2.154
Lærdal	1.221	1.196	1.194	1.157
Naustdal	1.057	1.103	1.139	1.147
Selje	1.699	1.422	1.497	1.403
Sogndal	4.240	3.637	3.595	3.544
Solund	326	327	315	331
Stryn	3.527	3.513	3.687	3.553
Vik	1.133	890	836	980
Vågsøy	1.272	1.563	1.533	1.525
Årdal	2.360	2.388	2.215	2.040
Totalt	44.451	43.946	44.182	43 785

3.2. Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

LAM er spelemidlar etter overskotet frå Norsk Tipping.

Ordninga blei etablert som følge av stortinget si behandling av St. meld. Nr. 27 (1996-97) og tilleggsmeldinga St. meld. Nr. 44 (1997-98).

Tilleggsmeldinga om statens forhold til frivillige organisasjonar, understreka behovet for å betre rammevilkåra for frivillig, medlemsbasert virke for barn og ungdom.

Målsettinga med tilskotsordninga er å bidra til aktivitet og deltaking i medlemsbaserte foreningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom.

Det er laga sin primæraktivitet som skal støttast og ordninga skal understøtte den frivillige innsatsen i laga.

Idrettsrådet i den enkelte kommune fordeler midlane ut frå vedtekne kriteria.

Tildelinga av LAM pr. kommune dei siste 4 åra.

Kommunar	2010	2011	2012	2013
Askvoll	kr 100.322	kr 99.486	kr 98.846	kr 101.742
Aurland	kr 55.338	kr 53.665	kr 52.908	kr 52.089
Balestrand	kr 48.019	kr 45.642	kr 44.686	kr 46.655
Bremanger	kr 129.419	kr 131.400	kr 129.947	kr 136.780
Eid	kr 217.245	kr 213.592	kr 213.599	kr 222.221
Fjaler	kr 113.353	kr 112.323	kr 109.570	kr 116.919
Flora	kr 432.705	kr 426.470	kr 424.339	kr 441.445
Førde	kr 449.842	kr 447.152	kr 444.358	kr 467.302
Gaular	kr 98.180	kr 96.990	kr 99.739	kr 105.864
Gloppen	kr 199.037	kr 201.468	kr 199.300	kr 205.920
Gulen	kr 81.757	kr 79.696	kr 78.290	kr 81.506
Hornindal	kr 50.161	kr 47.425	kr 47.546	kr 48.529
Hyllestad	kr 51.946	kr 50.278	kr 49.691	kr 49.840
Høyanger	kr 153.160	kr 150.655	kr 146.749	kr 153.269
Jølster	kr 109.069	kr 107.331	kr 107.962	kr 109.799
Leikanger	kr 73.546	kr 73.634	kr 76.860	kr 82.630
Luster	kr 171.011	kr 170.445	kr 170.343	kr 177.440
Lærdal	kr 72.117	kr 73.277	kr 73.285	kr 73.824
Naustdal	kr 92.824	kr 92.354	kr 94.198	kr 97.808
Selje	kr 103.178	kr 103.765	kr 99.918	kr 100.430
Sogndal	kr 239.737	kr 241.583	kr 244.701	kr 252.388
Solund	kr 26.776	kr 24.961	kr 26.097	kr 25.482
Stryn	kr 243.843	kr 242.653	kr 242.913	kr 252.201
Vik	kr 88.719	kr 85.579	kr 81.686	kr 86.003
Vågsøy	kr 200.108	kr 200.220	kr 200.194	kr 204.608
Årdal	kr 169.940	kr 164.562	kr 164.802	kr 169.383
SUM	kr 3.771.352	kr 3.736.606	kr 3.722.527	kr 3.862.077

Status –utfordringar idrettsråd

- Eit **delmål** for idrettsråda i Handlingsprogrammet er: Alle idrettsråd skal i perioden ha forhandla fram **samarbeidsavtale** med kommunen.
- Målet er ikkje nådd, men fleire idrettsråd er «i mål» eller er i gang med prosessar.
- Følgjande idrettsråd har meldt tilbake at samarbeidsavtale er på plass: **Askvoll, Førde, Stryn og Sogndal**. Idrettsråda i Florø, Luster og Årdal har meldt om prosessar er i gang for å få i stand avtalar.
- Idrettskrinsen må i komande periode prioritere tettare oppfølging av idrettsråd som har driftsmessige utfordringar m.a. for å sikre godt funksjonelt styrearbeid og gjennomføring av årsmøte.



4.0 Særidrettar

4.1. Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane


Eit gjennomgåande trekk i perioden er godt samarbeid mellom idrettskrinsen og særkrinsane/regionane på fleire område/saksfelt.

Det er gjennomført ei rekke fellestiltak, møte og samlingar på følgjande: (Jfr. også punktet representasjon og eigne kapittel for kvart område).

- Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og folkehelse 2014-2017.
- Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024.
- Arbeid med ei idrettspolitisk program.
- Møte med fylkespolitikarar, politikardag i fylkestinget.
- Møte med politikarar i samband med Stortingsvalet 2013.
- Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar i vgs.
- «TOPP» - prosjektet, evaluering og utvikling av nytt fellesprosjekt unge potensielle toppidrettsutøvarar.
- Idrettspolitisk møte (Skei 5.11.12).
- Planlegging og gjennomføring av jubileumsarrangement (fylkeskommunen 250 år).
- Samordning av terminliste aldersfastlagde klassar – (fagmøte tilsett personell).
- Nettverksamlingar klubbrettleiarar.

Idrettskrinsstyret har vore representert på særkrinsane/regionane sine årsting (med to unntak) og på andre særkrins-/regionsmøte.

Utvikling av aktivitetstal totalt for alle særiddrettane :



Pr. 31.12.12 var det 46666 personar som var aktive i ein eller fleire særiddrettar i fylket. I perioden 2008-2011 hadde aktivitetstala ein årleg vekst på 3%, medan det i 2012 var ein nedgang med 1993 aktivitetsmedlemer eller 4,1 prosent. Nedgangen i 2012 fordeler seg på fleire særiddrettar.

Den største særiddretten, fotball, har pr. 31.12.12 12138 medlemer og har hatt ein årleg reduksjon på rundt 3 % i aktivitetstal (samla for alle aldersgrupper) siste fem åra. Den nest største idretten, friidrett, har størst prosentvis nedgang frå 2011 til 2012 på 6,2%, frå 9983 til 9359 medlemer. Ski har stabile tal i perioden med ein mindre nedgang i 2012 og har ved siste registrering pr. 31.12.12 7101 medlemer.

Andre særiddrettar som har hatt ein mindre nedgang frå 2011-2012 er golf, gym- og turn, orientering og ryttar.

Handball har hatt ein årleg auke i aktivitetstal i perioden frå 2008-2012. Veksten er på 13,3% og pr. 31.12.12 er det registrert 3916 aktive i handball i fylket.


Volleyball, klatring, skiskyting og styrkeløft har hatt vekst i medlemstal frå 2011 til 2012.





Frisbee er ny idrett i fylket med klubben Måløy Frisbee Club.

Symjing har vekst i perioden med tre nye medlemslag/grupper. Bogeskyting og klatring har auka tala på medlemslag med to kvar.

41 særiddrettar er registrert med klubbar eller særgruppe i idrettslag i Sogn og Fjordane Idrettskrins. 39 særiddrettar er registrert med aktive i Idrettsregistreringa pr. 31.12.12.

Utvikling i aktivitetstal i kvar særiddrett:





4.2. Særidrettar og aktivitetstal i Sogn og Fjordane pr. 31.12.2012

Idrett	Kvinner					Menn					Totalt
	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	
Badminton	0	2	6	0	10	0	11	11	1	27	68
Bandy	0	6	3	8	11	0	17	104	25	44	218
Basketball	0	10	0	1	1	0	2	17	3	2	36
Boksing	0	2	2	0	0	0	5	5	3	3	20
Bryting	0	0	0	0	1	0	0	17	7	5	30
Bogeskyting	0	0	2	1	11	0	9	21	2	29	75
Cykling	0	21	19	14	140	2	45	82	24	415	762
Dykking	0	1	11	3	18	0	1	11	21	100	166
Fotball	54	1935	1254	287	853	71	2983	2077	737	1887	12138
Friidrett	301	1241	762	368	1829	300	1298	795	383	2082	9359
Golf	0	24	22	13	500	1	27	144	106	1506	2343
Gym/turn	61	661	190	10	310	51	305	105	3	102	1798
Hundekjøring	3	0	0	3	5	0	0	0	0	3	14
Handball	0	1150	842	117	389	2	819	368	34	195	3916
Judo	0	3	0	0	0	0	25	3	3	7	41
Padling	1	4	7	1	73	0	10	5	12	144	257
Luftsport	0	1	0	2	8	1	1	2	18	174	207
Orientering	36	123	17	5	74	34	109	34	6	123	561
Ryttar	10	175	331	227	301	12	28	18	5	110	1217
Segling	0	14	34	2	35	1	37	55	11	80	269
Ski	354	1227	379	183	749	443	1476	682	280	1328	7101
Skyting	0	14	16	3	33	0	39	53	41	338	537
Skøyter	8	19	13	2	6	11	27	26	12	29	153
Symjing	85	175	39	7	83	79	222	42	9	60	801
Tennis	0	1	2	2	8	0	2	2	1	11	29
Vektløfting	0	32	22	10	29	0	68	70	38	77	346
Volleyball	3	185	243	129	125	3	197	275	169	175	1504
Skiskyting	2	38	38	7	103	10	67	71	16	149	501
Motorsport	2	11	8	1	15	3	57	40	19	69	225
Kampsport	0	77	30	5	35	2	168	81	14	36	448
Styrkeløft	0	0	3	8	5	0	0	19	38	26	99
Frisbee	0	0	1	0	1	0	0	0	0	9	11
Biljard	0	0	6	1	2	0	8	28	15	28	88
Kickboksing	0	0	4	0	3	0	0	8	2	6	23
Klatring	15	54	41	37	86	21	59	68	59	143	583
Triathlon	0	0	0	2	0	0	0	0	0	10	12
Fleridrett	0	0	31	13	576	0	0	3	0	74	697
Rugby	0	0	0	0	0	0	0	1	6	6	13
Totalt 38 idrettar	935	7206	4378	1472	6428	1047	8122	5343	2123	9612	46666

4.3. Aktivitetstal for særiddrettane, kommuneoversikt pr. 31.12.2012

	Flora	Gulen	Solund	Hyllestad	Høyanger	Vik	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Aurland	Lærdal	Årdal	Luster	Askvoll	Fjaler	Gaular	Jølster	Førde	Nausdal	Bremanger	Vågsøy	Selje	Eid	Hornindal	Gloppen	Stryn	Sum	
Komm.nr.	1	11	12	13	16	17	18	19	20	21	22	24	26	28	29	30	31	32	33	38	39	41	43	44	45	49		
Badmint.															38			30										68
Bandy	39				32			36	15		25	5						47			19						218	
Basketball	24																			12							36	
Bokse										20																	20	
Bryting																	30										30	
Bogesk.				10														26								39	75	
Cykle	191										34	27	83	8	58			72			24				220	45	762	
Dykke	73		12							12								26			17		26				166	
Fotball	1062	121		145	654	345	156	284	1400	89	200	550	542	307	204	392	422	1486	207	518	452	430	508	155	762	747	12138	
Friidrett	1026	515		288	1310	330	256	129	80	87	266	64	877		191	301	468	379	58	328	94	306	132	140	1031	703	9359	
Golf	83										582						330					428	327		334	259	2343	
Gym/turn	0				205				131		135	165						119		0	160	18	171		320	374	1798	
Hunde- kjøring																			14								14	
Handball	459				94	80	21	180	243	100	49	450	131	133	134		48	462		59	83	32	294		483	381	3916	
Judo																		41									41	
Padle														48				163							46		257	
Luftsport		51											24					67							38	27	207	
Orientering	0					0			46				136	58				143	9				12		102	55	561	
Ridning	218					15			100		26	84	20	8				393	31				167		155		1217	
Segling	177																				92						269	
Ski	373				152	196	174	331	249	94	131	441	1205	5	67	566	340	681	78	120			317	181	605	795	7101	
Skyting	19	10		20	33			40	16		15	13	11	35			4	53		132	38	14	43		21	20	537	
Skøyte						41					95															17	153	
Svømming	24		17						74	31	50	27				19		301		35			211		12		801	
Tennis	29																								0		29	
Vektløfting															9			9	201	39					88	0	346	
Volleyball			17				18	50	128	31		1	10	34	30	271	37	494	103	68			35	51	110	16	1504	
Skiskyting	30					97												9					153	67	10	135	501	
Motor	24						4					17				30		17		82					8	43	225	
Kampsport	135				73				124									57	25				34				448	
Styrkeløft	22								6			64	2					5									99	
Frisbee																					11						11	
Biljard				69														19									88	
Kickboksing	23																										23	
Klatre	49							79	126	56			29	42	13	25		31		71	4					58	583	
Triathlon												0	6						6								12	
Fleridrett	161			53														483									697	
Rugby																									13		13	
Snowboard																							0				0	
Akt. tal totalt	4241	697	46	585	2553	1104	629	1129	2738	520	1608	1908	3076	678	793	1555	1679	5619	726	1464	994	1228	2430	594	4358	3714	46666	


4.4. Utbreiing av idrettar i Sogn og Fjordane, pr. 31.12.2012

Tal på klubbar/grupper i idrettslag pr. kommune

	Flora	Gulen	Solund	Hyllestad	Høyanger	Vik	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Aurland	Lærdal	Årdal	Luster	Askvoll	Fjaler	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Bremanger	Vågsøy	Selje	Eid	Hornindal	Gloppen	Stryn	Sum
Komm.nr.	1	11	12	13	16	17	18	19	20	21	22	24	26	28	29	30	31	32	33	38	39	41	43	44	45	49	
Badmint.															1			1									2
Bandy	1				1			1	1		1	1						1			1						8
Basketball	1																			1							2
Bokse										1																	1
Bryting																	1										1
Bogesk.				1														1								1	3
Cykle	1										1	1	1	1	1			1			1				2	2	12
Dykke	1		1							1								1			2		1				7
Fotball	5	1		1	5	1	1	1	5	1	1	3	5	4	2	2	1	3	1	7	2	3	5	1	4	6	71
Friidrett	3	3		1	4	3	1	1	4	1	1	2	4		2	2	1	1	1	5	2	2	5	1	6	7	63
Golf	1										1						1					1	1		1	1	7
Gym/turn	0				1				1		1	2						1		0	2	1	1		1	1	12
Hundekjøring																			1								1
Handball	1				1	1	1	1	2	1	1	2	1	1	1		1	1		1	1	1	4		5	2	30
Judo																		1									1
Padle														1				1							1		3
Luftsport		1											1					2							2	1	7
Orientering	1					1			1				1	1				1	1				2		2	2	13
Ridning	1					1			1		1	1	1	1				2	1				1		1		12
Segling	1																				1						2
Ski	2				3	3	2	1	3	2	1	2	6	1	1	2	1	1	1	1			5	1	3	7	49
Skyting	1	1		1	1			1	1		1	1	1	3			1	2		2	1	1	2		1	1	23
Skøyte						1					1															1	3
Svømming	1		1						1	1	1	2			1			1		1			1		1		12
Tennis	1																								1		2
Vektløfting															1			1	1	1					2	1	7
Volleyball			1				1	1	2	1		1	1	3	1	2	1	1	1	1			2	1	2	1	24
Skiskyting	1					1												1					2	1	1	2	9
Motor	1						1					1			1			1		2					1	1	9
Kampsport	1				1				1									1	1				1				6
Styrkeløft	1								1			1	1					1									5
Frisbee																					1						1
Biljard				1														1									2
Kickboksing	1																										1
Klatre	1							1	1	1			1	1	1	1		1		1	1					1	12
Triathlon												1	1					1									3
Fleridrett	1			1														1									3
Rugby																									1		1
Snowboard																							0				0
Akt.tal totalt	29	6	3	6	17	12	7	8	25	10	12	21	25	17	13	9	8	32	9	23	15	9	33	5	38	38	430

Status – utfordringar særiddrettar

- Samarbeidet og fellesskapet mellom idrettskrinsen og særkrinsane/regionane er styrka i perioden. Utfordringa er å vidareutvikle dette. Idrettskrinsen ønskjer å vere representert på andre møte og samlingar enn nemnt under pkt.4.1.
- Særkrinsane/regionane, særgrupper og særiddrettsklubbar, har det faglege og idrettslege ansvaret for utvikling i sin særiddrett saman med sine særforbund.
- Det er grunn til å vere ekstra merksam på nedgangen i aktivitetstal frå 2011 til 2012. I 2012 hadde ein nedgang med 1993 aktivitetsmedlemer som tilsvarar 4,1 %. Særiddrettane har felles utfordringar med å halde ungdom lengre i organisert aktivitet. Sjå pkt. Ungdomsiddrett.
- Handlingsprogram 2012-2014 har m.a. delmålet om at trenarar i særiddrettane legg vekt på å dempe resultatfokuset og stimulerer utøvarane og idrettsmiljøa til å bli meir utviklings- og meistringsorienterte. Det er ønskeleg at idretten i Sogn og Fjordane kan samle seg om eit felles løft for å halde ungdom lengre i organisert aktivitet. Idrettskrinsen bør, saman med særiddrettane, vurdere **modellen** til Norges Skiforbund som eit alternativ til utvikling av ungdomsiddretten.
Denne supplerer «konkurranselinja» med ei viktig «breiddelinje/halde på lenge linje».



5.0 Finansiering, rammevilkår, idrett og samfunn

5.1. Idrett og samfunn

Skulebruksplan

Idrettskrinsen gjorde, i samråd med særkrinsane/regionane, fleire innspel i prosessen med utvikling av «Skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013-2024»; til fylkesutvalet (01.11.12) og til fylkestinget (26.11.12).

Idrettskrinsen var høyringsinstans til planen og sende sin uttale til fylkeskommunen pr. 24.4.13. i nært samarbeid med særkrinsar/regionar, og også med bakgrunn i innspel frå idrettslag og idrettsråd.

Innspela og høyringsuttalen kan i hovudsak samanfattast i følgjande:

Idretten i Sogn og Fjordane meiner følgjande knytt til tilrådinga til ny skulebruksplan:

- Lokalsamfunna treng ungdomane. Idrettslaga er med å tilføre dei unge ein aktiv og trygg kvardag.
- Sterke lokale fagmiljø og utnytting av investeringane i gode idrettsanlegg, må takast i vare for at idrettsutøvarane framleis får dei velfungerande og etterspurde idretts- og skuletilboda i fylket.
- Fylket treng ungdomane og dei beste idrettsutøvarane. Vi må ha så gode idrettstilbod i fylket, basert på opparbeidd lokal kompetanse og anlegg, at dei beste utøvarane våre vel å gå på vidaregåande skule i Sogn og Fjordane i staden for å flytte ut.
- Idrettsutøvarar som vel utdanningsprogram idrettsfag, har behov for gode nok treningstilbod også i fritida. Dei treng den daglege oppfølginga av sitt lokale trenings- og støtteapparat i eit nærmiljø som har kapasitet til å følge opp den enkelte utøveren.
- Mange lokale idrettsmiljø er relativ små og sårbare. Idrettslaga treng dei heimebuande utøvarane i 16-19 årsalderen for t.d. i det heile å kunne stille lag på junior- og A-lagsnivå.
- Det er grunn til å anta at fråfallet frå idretten i aldersgruppa 16-19 år er større for hybelbuarar enn for dei som er heimebuande.

Idretten ber om:

- at tilbodet om idrettsfag vert oppretthalde i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord.
- at skulestrukturen vert slik at flest mogleg av ungdomane kan bu heime og ved pendling ikkje har lengre reisetid enn at dei framleis kan vere ein ressurs for idrettslaget og lokalsamfunnet sitt.

Regional plan for fysisk aktivitet idrett og friluftsliv 2014-2017

Sogn og Fjordane Fylkeskommune starta opp planarbeidet med regional plan i juni 2012. Idrettskrinsen vart invitert til å delta i prosjektgruppe/arbeidsgruppe og organisasjonssjef Anne Leversund har representert idretten i gruppa.

Dei øvrige i arbeidsgruppa var Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kommunane ved KS, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane , Høgskulen i Sogn og Fjordane , Forum for natur og friluftsliv og Forum for funksjonshemma.

Arbeidet i har vore omfattande i høve møte i møte i prosjektgruppa. Idrettskrinsen har brukt ein god del tidsressursar i dette viktige arbeidet.

Anne Leversund har saman med andre representantar frå idretten, idrettskrinsen, særkrinsar/regionar, idrettsråd og idrettslag, delteke på dialogmøte og temaseminar arrangert av fylkeskommunen i samband med planprosessen.

Idrettskrinsen inviterte særkrinsane/regionane til fellesmøte på Idrettens Hus 20.06.13 der Fylkeskommunen presenterte utkast til planen.

Idrettskrinsstyret ga, saman med særkrinsane i friidrett, fotball og ski, høyringsinnspel til planprogrammet pr. 01.09.12.

Fylkeskommunen la planen ut til høyring i organisasjonane med frist for innspel til 01.10.13. Idrettskrinsen ga uttale til planen vedlagt høyringsuttalar m.a. frå særkrinsane/region i ski, friidrett, handball og fotball.

Innspela frå idretten var i stor grad teke i vare i det det endelege framlegget til plan frå fylkeskulturadministrasjonen.

I planen er det lagt inn mål om ein auke på 25% i driftsstøtte til organisasjonane som får fylkeskommunale tilskot.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteken i fylkestinget 11.12.2013, sak nr 12/4201.

Planen finn du på www.sfj.no venstremeny: **kultur**, høgre meny: **Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014–2017**

Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF)

Idrettskrinsen har over lang tid hatt nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. I ein tidlegare fase gjennom høgskuletilbod og trenarutdanning med studiepoeng og seinare nytta fagkrefter frå HSF på ulike område og oppdrag..

Samarbeidstiltaka siste åra er stimuleringssamlingar, trenarforum, prosjektet «TOPP» idrettsutvikling og oppfølging/utvikling av eitt nytt prosjekt for utvikling av trenarar og unge utøvarar/potensielle toppidrettsutøvarar.

HSF har ein sterk posisjon på idrettsfag også i landsmålestokk og er eit kraftsenter for idrett i fylket. Idrettskrinsen er svært takksam for å ha ein så god samarbeidspart.

Vi vil særleg takke avdeling for lærarutdanning og idrett ved dekan Rasmus Stokke og hans stab på institutt for idrett.

HSF har bidrege mykje i utviklings- og utdanningstiltaka som har vore arbeid med for den frivillige idretten i eit kvart hundreår.

Samarbeid med Sogn og Fjordane Teater, 250- årsjubileet fylkeskommunen

Idrettskrinsen innleia i 2013 eit nytt, historisk samarbeid med Sogn og Fjordane Teater i samband teateret sitt fokus på å «oppdage på nytt» Mensen Ernst gjennom teaterforestilling og løpsturnè.

Sogn og Fjordane Teater ønskjer å samhandle med ulike samfunnsaktørar og inviterte i mai 2013 til samarbeid om løpsturnè i samband med markering av fylkesjubileet.

Dette initiativet fall nær saman med planane om ein motivasjonsturnè, (utvikla av idrettskrinsen og særkrinsane/regionane).

Motivasjonsturnèen vart gjennomført som eit felles arrangement 13.-19. september 2013 med lokale idrettsaktivitetar, foredrag og markeringar langs ruta til «løpekongen Mensen Ernst» alias Terje Lyngstad. Sjå elles eige kapittel under pkt. 6.13. og vedlegg til årsmeldinga.

«Sjumilssteget» - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – oppvekstvilkår

Sjumilssteget er eit prosjekt i regi av fylkesmannen i perioden 2012-2014 som skal bidra til at kommunane i fylket vert meir medvitne på barn og unge sine oppvekstvilkår.

Idrettskrinsen var engasjerte i temaområdet i perioden der organisasjonssjef Anne Leversund deltok i møte på Leikanger og på Barnekonferansen «Saman er vi betre» 29. – 30. oktober i Loen. Tema for konferansen var arbeid med barnekonvensjonen og tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge.

5.2. Finansiering av idretten - Rammevilkår

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane har gode og pårekelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling.

Arbeid med eit idrettspolitisk program

I samband med politisk valmøte august 2011 vart det konkludert med at idretten og fylkespolitikarane skulle utforme eit Idrettspolitisk program for Sogn og Fjordane med Idrettskrinsen som initiativtakar.

Idrettskrinsen oppretta, i samarbeid særkrinsane/regionane, ei referansegruppe og prosjektgruppe.

Referansegruppa gjennomførte to møter, (i november 2011 og februar 2012), medan prosjektgruppa har gjennomført tre møter, (november 2011, desember 2011 og januar 2012).

Noko av intensjonen med programmet var å utvikle eit endå breiare samspel mellom idretten og fylkeskommunen.

Fylkeskommunen v/fylkesdirektøren for kultur melde pr. 17.01.12 at ein måtte sjå dette arbeidet med fylkeskommune si utarbeiding av regional planstrategi.

På bakgrunn av dette, såg ikkje Idrettskrinsen grunnlag for å ta nye utspel med eit idrettspolitisk program overfor fylkeskommunen.

Det er i perioden utvikla eit godt samspel mellom idretten og fylkeskommunen, representert ved idrettskrinsen og fylkeskommunen.

Jfr. andre punkt i dette kapitlet.

Møte med politikarar - Stortingsvalet

Ei gruppe frå idrettskrinsen og særkrinsar/regionar deltok på politikardagen i fylkestinget 26.11.12 der m.a. idretten si breidde og mangfald vart presentert.

Presentasjonar/innlegg ved leiar i idrettskrinstyret Aud Kari Isane, leiar i skikrinsstyret Inge Fænn og ved organisasjonssjef i idrettskrinsen, Anne Leversund.

Hovudbodskapen var å fokus på målet om auka rammeløyvingar frå fylkeskommunen til idretten. I samband med stortingsvalet 2013 inviterte idrettskrinsen til møte med dei politiske partia og stortingskandidatar til informasjons- og diskusjonsmøte i Sogndal 25.08.13.

På dagsorden sto mellom anna hovudbodskapen frå heile norsk idrett (sitat):

- 1. at det må bygges flere anlegg nå! Idretten ønsker økt statlig støtte utover endringen av tippenøkkelen.*
- 2. at den organiserte idretten må få et forpliktende idrettsløft!
For å sikre nok anlegg og gi gode rammevilkår for den organiserte idretten forventer vi et idrettsløft etter modell av Kulturløftet.*
- 3. at alle skoleelever må få én time fysisk aktivitet hver dag!
Det må settes et klart og forpliktende mål om én time fysisk aktivitet om dagen for alle skoleelever på alle trinn, tilrettelagt eller ledet av kompetent personell.*

I samband med Senterpartiet sitt landsmøte i Loen møtte idrettskrinsstyret den 6.4.13. Sp-politikarar.

Styreleiar Aud Kari Isane og styremedlem Rune Sunde stilte på stand med ovannemnde bodskap på vegne av Norges Idrettsforbund og idrettskrinsen.

Utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og idrettskrinsen

Det er perioden utvikla eit godt samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune med god dialog, felles møtepunkt og samarbeidstiltak.

Fylkeskommunen ønskjer å inngå utviklingsavtale med idrettskrinsen.

Første møte i prosessen med å utvikle avtalen, var 14. mai 2013 mellom fylkeskulturetaten og administrasjonen i idrettskrinsen.

Utgangspunktet er ein tre-årig avtale og aktuelle tema i avtalen er å definere felles mål og samarbeid, driftsmidlar til idrettskrinsen, prosjektsamarbeid og prosjektstøtte, faste møtepunkt, samarbeidsform fylkeskommune – IK- sk-ar/regionar og felles konferansar.

Konkrete døme på temaområde i avtalen kan vere vid sida driftsmidlar: ungdomsprosjekt, folkehelseprosjekt, ordningar med å legge til rette for potensielle toppidrettsutøvarar og spissa idrettstilbod i vidaregåande skule og idretts- og anleggskonferansar.

Avtalen vil omfatte samarbeidsformer på områda kultur, plan og samfunn og opplæring.

Status – utfordringar, finansiering av idretten rammevilkår

- Målet i HP 2012-2014 om at idretten i Sogn og Fjordane har gode og pårekelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling er arbeidd godt med i perioden, men målet er ikkje nådd.
- Det er utvikla eit tett samarbeid med fylkeskommunen, både på kultur og opplæring.
- Prosessen med utviklingsavtale mellom idrettskrinsen og fylkeskommunen må fullførast med sikte på å få avtalen på plass i 2014.
- Det må arbeidast for å auke fylkestilskotet i perioden utover dei 25 % som er signalisert ny regional plan 2014-2017.
- Målet om å redusere eller fjerne leige i offentlege hallar for barn og ungdom, er eit delmål i Handlingsprogram 2012-2014. Temaet er løfta opp med kommunane av idrettsråda. Som eit døme har Førde kommune redusert leiga for aktivitet for barn og unge med ein halv million kroner på budsjettet for 2013 og skal trappe opp denne budsjettposten i økonomiplan-perioden.
Idretten, og idrettsråda især, har utfordringar med å fremje vilkåra for lokal-idretten på dette punktet.
- Generelt må alle organisasjonsledda ta mål av seg til å vere gode på dokumentasjon og synleggjering av aktivitetsomfang og deltaking i idretten blant barn og unge.
Dokumentasjonen må brukast m.a. ved involvering i politiske prosessar både på lokalt nivå, på fylkesnivå og i media.
Idrettskrinsen hadde t.d. ein aviskronikk hausten 2012 som illustrerte omfanget av idretten i fylket.
- Idrettskrinsstyret ønskjer å vidareutvikle samspelet elles med fylkeskommunen administrativt og politisk ved involvering og til dømes ved å delta på politikardagar i fylkestinget.

5.3. Idretten – lov og organisasjon

Mål: Medlemsorganisasjonane er haldne ved lag som sjølveigande, demokratiske og frivillige og lever i tråd med egne lover.

Idrettskrinsen har eit dagleg oppfølgingsarbeid overfor idrettslag og idrettsråd på lovtekniske og ulike forvaltningsmessige ved organisasjonsarbeidet.

Av konkrete oppgåver knytt området tek vi med:

- Deltaking i NIF sine skoleringsseminar i sakshandsaming og lov- og domspørsmål.
- Oppdatering av lover for idrettslag og idrettsråd med rettleiing i høve praksis.
- Rettleiing i høve kjønnsbalanse i organisasjonsledda sine styre og ved årsmøte.
- Kvalitetssikring av idrettsregistreringa overfor idrettslaga.
- Følgd opp idrettsråda i høve funksjon og ansvarsområde.

5.4. Inkludering, fleirkulturelt fellesskap

Mål: Større deltaking i idretten frå underrepresenterte grupper som på ein god måte gir bilete av mangfaldet i samfunnet.

Idrettskrinsen har medverka til å nå målet ved å ta opp temaet på møter, klubb- og verdiprosessar i idrettslag.

Idrettslag legg til rette fysisk aktivitet for innvandrargrupper i samarbeid med kommunar.

5.5. Vilkår for frivillig arbeid

Mål: Det offentlege erkjenner verdien av det frivillige arbeidet og medverkar til gode rammevilkår for idretten i Sogn og Fjordane.

Jfr. her pkt.5. Finansiering, rammevilkår, idrett og samfunn.

5.6. Miljøansvar

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane tek eit aktivt ansvar for eigen miljøpåverknad gjennom utarbeiding av eigen miljøpolitikk og planverk.

Målet blir arbeidd med under idrettsarrangement og teke i vare i krava til anlegg gjennom kriteria for tildeling av spelemidlar.



Foto:Per Kopperdal

AKTIVITETSUTVIKLING

6.0 Innsatsområde

Grunnlaget for arbeidet på ulike innsatsområde i tingperioden, er Handlingsprogram 2012-2014 Sogn og Fj. Idrettskrins og Idrettspolitisk dokument 2011-2015 Norges Idrettsforbund.

Handlingsprogram 2012-2014 skal gi retning og vere verktøy for idrettskrinsen, særkrinsane/regionane/særidrettane, idrettsråda og idrettslaga sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for innbyggerane i fylket. (Jfr. innleiingskapittelet).

Programmet har to hovudprioriterte innsatsområde:

- ungdomsidretten og
- idrettslaga - idrettsråda - frivillig innsats

Innsatsen i idrettsorganisasjonane i perioden skal avspegle denne prioriteringa og synleggjerast gjennom tilbakemeldinga til idrettskrinstinget.


Redigeringa av dette kapittelet i årsmeldinga er bygd opp i samsvar med tilsvarande innsatsområde og mål på desse i programmet.

Det henta inn opplysningar frå særkrinsar/regionar og idrettsråd for rapportering av oppnådde resultat på delmål desse har ansvar for å følgje opp.

6.1. Barneidrett

Mål: Idrettslaga har eit opent og inkluderande aktivitetstilbod for barn og held oppe nivået på tal deltakarar i aktivitet.


Utvikling i medlemstal og aktivitetstal i aldersgruppa 6-12 år:



6-12 år	2008	2009	2010	2011	2012
Medlemstal	9298	9489	9421	8928	9085
Aktivitetstal	13611	13910	14989	15455	15328
Folketal i aldersgr.	10125	9962	9839	9829	9739
Medlemstal i % av folketal	92%	95%	96%	91%	93%
Aktivitetstal i % av folketal	134%	140%	152%	157%	157%

Aktivitetstala syner store prosenttal i høve folketalet då mange i aldersgruppa deltek i fleire idrettar. Høge prosenttal gir uttrykk for allsidig deltaking.

Etter ein årleg vekst i aktivitetstal frå 2008 til 2011 syner tala for 2012 ein liten nedgang. På same tid har innbyggartalet i aldersgruppa gått ned og det er såleis eit reelt stabilt deltakartal. Det er 18-19 % fleire gutar enn jenter som er aktive i aldersgruppa 6-12 år.



Idrettsskular


Utviklingsstøtte2012 og 2013 idrettslag	Tilskot	Oppstartstøtte	Tilskot
Ytre Solund il	8500	Stadlandet il	11000
Hardbagg il	8500	Sandane il	11000
Hafslo il	8500		

Deltakartal

Pr. 31.12.12 var det registrert 3563 deltakarar og 57 idrettsskular i Sogn og Fjordane. Dette er 39,2% av alle barn i i aldersgruppa 6-12 år. Her idrettslaga med idrettsskular i vårt fylke klart best i landet av idrettskrinsane. Nord-Trøndelag Idrettskrets er på andreplass 28,2%.

Deltakartalet har hatt ein vekst siste året, medan talet på idrettsskular med registrert aktive har gått. 49 idrettsskular har pr. 31.12.12 aktive medlemmer.

Deltakartal idrettsskule – utvikling:



Fagutvikling barneidrett - tiltak

Kurslærarkorps barneidrett: Oddvar Flataker
Frank Nymark
Synne Aafedt Liljedal

Det er gjennomført aktivitetsleiarkurs barneidrett i Måløy i 2013. Det er elles autorisert 186 barneidrettsinstruktører med godkjent aktivitetsleiarkurs på idrettsfag i vgs.

I samband med idrettskrinstinget 2012 i Balestrand vart det gjennomført fagseminar barn/ungdom med 62 deltakarar og følgjande førelesarar:

- Yngvar Ommundsen, NIH
- Terje Rognsø, Florø Sportsklubb
- Stian Grimseth, Idrettskrinsstyret/Tambarskjelvar IL

Geir Kåre Resaland v/Høgskulen i S/Fj. var debattleiar.

Status – utfordringar barneidrett

- Når vi ser på tala, har idretten i tingperioden til dels nådd det overordna målet om å halde oppe nivået på tal deltakarar i aktivitet. Aktivitetstala syner ein årleg vekst frå 2008-2011, men med ei utflating i 2012.
- På den andre sida er det noko uroande at tal på idrettsskular med aktive medlemmer går ned. Nokre større idrettslag har lagt ned idrettsskulen.
- «Idrettens barnerettigheter» og «Bestemmelser om barneidrett» må ligge som grunnlag for aktivitetstilbodet til barna. Alle barn må få tilbod om idrettsaktivitet.
- Tilboda skal vere prega av mangfald, brei rørsleerfaring, variasjon, innføring og trening i fleire ulike idrettsaktivitetar med vekt på meistring.
- Idrettsskulen er ofte dei yngste barna og foreldre/føresette sin innfallsport i idrettslaga og er ein rekrutteringsarena for å få både unge aktive og leiarar inn i laget.
- Idrettsskulen er eit viktig virkemiddel for betre samordning av særiddrettane sine treningstilbod for barn i idrettslaga.

Følgjande punktatar må ha **høg prioritet** i komande periode:


- Idrettslaga må sikre at retningslinjer for barneidrett og barnerettighetene blir følgde opp i dagleg praksis.
- Alle fleiridrettslag som organiserer barneidrett bør nemne opp eit styremedlem med ansvar for barneidretten (Særiddrettsklubbar, skal etter retningslinjene ha eit styremedlem med barneidrett som ansvar).
- Idrettsskulen må prioriterast av alle og vere akseptert som eit viktig virkemiddel for å gi barn eit breitt og allsidig rørslegrunnlag. Idrettsskulen skal vere eit aktivitetstilbod der alle barn finn seg godt til rette og får det tilbodet dei ønskjer.
- Idrettskrinsen set fokus på utdanning av barneidrettsinstruktørar



6.2. Ungdomsidrett

Mål: Eit fornya aktivitetstilbod for ungdom 13-19 år der fleire vel å halde fram som aktive innanfor den organiserte idretten.


Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa 13-19 år:



13-19 år	2008	2009	2010	2011	2012
Medlemstal	9048	8554	8313	8370	8447
Aktivitetstal	10059	10118	10329	10201	9721
Folketal i aldersgr.	11074	11165	11119	10997	10873
Medlemstal i % av folketal	82%	77%	75%	76%	78%
Aktivitetstal i % av folketal	91%	91%	93%	93%	89%

Aktivitetstala har gått ned med 5,9 % frå 2010 til 2012 som er ein realnedgang i det innbyggartalet i same aldersgruppe gjekk ned med 2,2% i same periode.

Medlemstala i aldersgruppa har derimot i same periode hatt ein liten vekst.



Aktivitetstal i aldersgruppene barn og ungdom, oversikt pr. 31.12.12:

Aldersgruppe Særidrett	6-12 år	13-19 år	Negativ differanse i %
Aktivitetstal alle idrettar	15328	9721	36,6 %
Fotball	4918	3331	32,3 %
Fridrett	2539	1557	38,7 %
Håndball	1969	1210	38,5 %
Ski	2703	1061	60,7 %
Andre særidrettar	3199	2562	19,9 %

Denne tabellen syner endringar i aktivitetstal frå barn til ungdom og kan gi ein peikepinn på fråfallet frå idrettsaktiviteten. Fråfallstal er derimot ikkje matematiske storleikar. Innretninga i aktiviteten endrar seg mykje frå barn til ungdom og det er ulike årsaker til at ungdom sluttar.

Einkeltårsaker til at ungdom sluttar i organisert aktivitet i idrettslaga er (rangert):

- 1) har flytta
 - 2) blei skada
 - 3) laget hadde ikkje lenger noko godt tilbod,
 - 4) dårlege trenarar,
 - 5) måtte bruke tid på utdanning
 - 6) fekk andre interesser
- (Ref. Institutt for samfunnsforskning, Seippel 2005).

Fagutvikling - aktivitetsutvikling ungdomsidrett

Handlingsplan 2012-2014 følgjande delmål med oppfølgingsansvar frå særidrettane:

- a. trenarane i særidrettane legg vekt på å dempe resultatfokuset og stimulerer utøvarane og idrettsmiljøa til å bli meir utviklings- og meistringsorienterte
- b. ungdom skal kunne delta i konkurransar i fleire særidrettar utan å måtte velje ein idrett i for låg alder

Idrettskrinsen har bedt om tilbakemelding frå særkrinsane/regionane på tiltak som har bidrege til måloppnåing i perioden.

Følgjande har svart: **Sogn og Fjordane Bandykrets, Sogn og Fjordane Orienteringskrins, Sogn og Fjordane Fotballkrets, NHF Region Vest, Sogn og Fjordane Skikrins og Sogn og Fjordane Friidrettskrins.**

Oppsummering frå tilbakemeldingane:

Bandy:

- a) Har mindre fokus på resultat i konkurransar og fangar opp ungdomar som har drive andre idrettar før.
- b) Unge frå 11 år og oppover trenar to ganger pr. veke noko som gir rom for å delta i fleire idrettar

O-idrett:

- a) O-idretten set lite fokus på prestasjon i konkurransar, legg vekt på systematisk opplæring ved samlingar og kompetanseoverføring frå erfarne løparar.

Fotball:

- a) Har ikkje tabellar for seriane uner 13 år. Lagt vekt på jamnbyrdigheit i kampar. Breiddeformelen: Tryggheit+trivsel+utfordringar=meistring
- b) SFFK/NFF er oppteken av at ungdom skal drive fleire idrettar. Oppmodar klubbane om samarbeid om treningstider med andre idrettar.

Handball:

- a) Innhaldet i delmålet står sentralt i ein del av trenarutdanningspensumet og blir presentert i spelarutviklingsmiljøet og på møteplassar med klubbane
- b) Legg vekt på å unngå kollisjonar ved tilrettelegging av aktiviteten og oppfordrar trenarar/klubbar om å samarbeide internt for å unngå kollisjonar

Ski:

- a) Viser til Norges Skiforbund si nye trenarutdanning; Trenarløypa. Viser til Norges Skiforbund sitt prosjekt knytt til utvikling av nye idrettsmiljø og trenarprofilar. Dette aspektet har også vore opp til drøfting i samband med Skitinget 2013 samt vår- og haustmøte.

Friidrett:

- a) Har fokus på å stimulere dei aktive til å vere allsidige i dei yngre årsklassane både i trenings og konkurransesituasjon. For stevne for dei yngste er det vanleg at ein kan delta i alle disiplinar innan friidretten med kun ein startkontingent uavhengig av tal øvingar ein er med på utan resultatfokus.
- b) Ein vektlegg å unngå kollisjonar med andre idrettar mht terminliste og trenings/klubbaktivitet.

Status-utfordringar ungdomsidrett generelt

- Målet om at fleire ungdomar 13-19 år vel å halde fram som aktive innanfor den organiserte idretten er ikkje nådd.
- Aktivitetstala syner samla sett for alle idrettane ei nedgåande kurve frå 2010 til 2012 med 5,9% reduksjon, som er ein realnedgang idet innbyggartalet i same aldersgruppe gjekk ned med 2,2% i same periode.
- Det er grunn for særiddrettane å vere merksam på innretninga av innhaldet i tilbodet i ungdomsgruppa. Idretten har ei utfordring med å halde ungdomen lengre i organisert aktivitet og målet om å legge til rette for meir differensierte tilbod og lågterskel tiltak for ungdom må ha høg fokus.
- Fråfall kan mest sannsynleg reduserast ved å ta i vare eit godt miljø, høvelege tilbod til alle, lage breiast mogleg og allsidige aktivitetstilbod og legge vekt på meistring og utvikling i utøvinga av aktiviteten.
- Alle aktørar på ungdomsidrettssida må gjere seg kjent med Retningslinjer for ungdomsidrett og praktisere desse.



Ungdomsprosjekt

Norges Idrettsforbund feira sitt 150-års jubileum i 2011. Jubileumsgåva frå regjeringa var på 11 mill. kroner og skal nyttast til modellar for å utvikle ungdomsidretten.

Idrettskrinsen fekk pr. 22.02.2013 innvilga kr. 350000,- over ein treårsperiode som støtte til prosjektet:

«**Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år**» (under modellen *Ungdomsdriven idrettsaktivitet*).

Utfordringa for alle organisasjonsledd ligg i ungdomsløftet: ***Korleis få fleire ungdomar til å bli lengre i idretten.***

Prosjektet er også støtta økonomisk av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Prosjektet er treårig og har eit totalbudsjett på kr. 875000,- og innvilga tilskot til prosjektet er kr. 267000,- for 2013.

Prosjektet er organisert med ein prosjektleiar, Ann Kristin Grodås, ein prosjektmedarbeidar Synne Aafedt Liljedal og desse saman med Ingar Breilid frå idrettskrinsadministrasjonen utgjer arbeids- og plangruppe for prosjektet.

Prosjektleiar har 20% stilling.

Forskningsenter for Trening og Prestasjon ved NIH, skal gjere ei evaluering av prosjektet og forskingsresultat herfrå skal leggst fram under ungdoms-OL i 2016.

Hovudmålet i prosjektet er å bygge ungt leiarskap for jenter, styrke jenterekutteringa og få fleire jenter som trenarar og leiingar.

Nye eller endra aktivitets- og treningstiltak som blir skapt og utvikla gjennom denne jentesatsinga i utviklingsmiljøa, vil også kunne gi grunnlag for innretning av tiltak for ungdom generelt.

Virkemiddel er startmøte med ungdomar i laget, oppfølgingsmøte, aktivitetssskaping, ungdomsleiarkurs og mentorordning for jenter som tek på seg oppfølgingsansvar for eigne tiltak i laget.

Målgrupper for prosjektet i 2013 er:

- a) eit større fleiridrettslag Kaupanger il
- b) eit mindre fleiridrettslag Viksdalen il
- c) ein særiddrettsklubb Eid Symjeklubb
- d) ein kommune på tvers av idrettslag i Stryn m/8 fleiridrettslag

Det er pr. 31.12.13 gjennomført:

- møte med idrettslaga og Idrettsrådet i Stryn (presentasjon av prosjektet)
- ein oppfølgingsmodul Leiarkurs for ungdom
- 10 plan-/arbeidsmøte
- deltaking på prosjektutviklingskurs NIF
- presentasjon/involvering ungdom på skulane i Eid Stryn og Kaupanger (ungdomsskule og vgs)
- lagsbesøk med ungdomsidrett og prosjektinvolvering som tema i Stryn Turn og Il, utvikla samarbeid med ressursperson i Stryn Turn og Il og ungdomsordføraren i Stryn kommune, involvering i ungdomens kommunestyre
- oppstartmøte med Viksdalen Idrettslag og Eid Symjeklubb
- oppfølgingsmøte med Eid Symjeklubb
- involvering og kontaktskaping med aktivitetstiljø for ungdom i Kaupanger
- presentasjon av leiarkurs ungdom i fleire miljø
- planlegging og utlysing av leiarkurs ungdom vår og haust 2013
- utvikla eigen logo for prosjektet og kjøpt inn profileringsstø
- utvikla eiga nettside/facebook for ungdomsprosjektet
- prosjektleiar og medarbeidar har gått inn som mentorar i dei miljøa som er godt i gang, mentorordninga blir utvida til å nytte lokale leiarar som følgjer opp den enkelte ungdommen i lagmiljøet

Status-utfordringar ungdomsprosjektet

- Det er ei utfordring organisere arbeidet i prosjektet for å nå best mogleg ut og få engasjert ungdomane i idrettslaga.
- Det vanskeleg å få kontakt med ungdom i lagsmiljøa og det må såleis arbeidast meir med å treffe ungdomane direkte både med sikte å bygge opp miljø og få rekruttert deltakarar til ungdomsleiarkurset.
- Prosjektet må i større grad leggast til rette slik at det blir mindre avhengig av kapasiteten til sentrale tillitsvalde i laget.
- Det er viktig å få unge jenter med som kan ta oppfølgingsansvar frå i start i laga som er med i prosjektet. Dette kan vi nå ved å skape arenaer direkte med ungdomane og få definert og fordelt oppgåver/oppfølgingsansvar på andre personar i laga.
- I miljø som er kome i gang med tiltak og utvikling, er laga og jentene engasjerte og motiverte for å jobbe med ungdomsutvikling. Hovudutfordringane ligg i å finne dei gode organiserings- og arbeidsmåtane for å ut til ungdomane og såleis lettare nå måla i prosjektet.
- Men erfaringane syner elles at ungdomane blir engasjerte og interesserte i dei miljøa som har kome i gang med tiltak i prosjektet. På den andre sida er dette nyttige erfaringar då det i seg sjølv er ei hovud-utfordring å finne dei gode organiserings- og arbeidsmåtane for å nå ut til ungdomane og for måla i prosjektet.
- Det ligg såleis godt til rette for tiltaksarbeidet i prosjektet i 2014.

Ungdomsleiarkurs

Det er gjennomført eit Leiarkurs ungdom 15-19 år i 2012 og ein oppfølgingsamling etter leiarkurset.

Ann Kristin Grodås og Synne Aafedt Liljedahl har i 2013 teke kurslærerutdanning for leiarkurset.



Strategi for norsk ungdomsidrett

Spissa i idrettstilbud i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar

Etter initiativ frå fylkesdirektøren vart det i 2009 sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå fylkeskommunen og idrettskrinsen (med representasjon frå særkrinsar/regionar) med følgjande mandat:

- å avklare idretten sitt behov for eit spissa og samla skule-/idrettstilbud i Sogn og Fjordane
- tilbodet skulle vere ei satsing på tilrettelegging for utøvarar på høgare nivå
- etablere sterke faglege miljø knytt til enkeltidrettar
- foreslå kva idrettar det er mest aktuelt for og kva skule/skular det er mest aktuelt å plassere slike tilbod

Ordninga med spissa idrettstilbud vart sett i gang frå 2012 etter vedtak i hovudutvalet for opplæring i fylkeskommunen med følgjande tilbod:

Skiskyting, Stryn vidaregåande skule

Fotball, Sogndal vidaregåande skule

Volleyball, Hafstad vidaregåande skule

Ordninga har ei elevtalsramme med inntil 15 elevar og inntil fem elevar pr. årstrinn pr. skule. Den økonomiske ramma frå fylkeskommunen er frå 2013 kr. 250000,- pr. idrett pr. år ut økonomi-planperioden 2012-2015.

Tilbodet skal evaluerast i framkant av utlysing av opplæringstilbodet for 2015-2016.

Dette inneber at ordninga blir evaluert etter skuleåret 2013-2014, etter gjennomføring av to skuleår.

Tal søkjarar og inntekne elevar/utøvarar ved dei tre skulane:

Skuleåret 2012-2013: Søkjarar: 49 Inntak: 33

Skuleåret 2013-2014: Søkjarar: 40 Inntak: 30

Sogn og Fjordane Idrettskrins gir tilråding om opptak til fylkeskommunen etter innstilling frå dei tre aktuelle særkrinsane/region.

Oppfølging av tilbodet

Idrettskrinsen har lagt til rette for erfarings- og dialogmøte mellom skulane og dei aktuelle særkrinsane/region og klubbar. To møter er gjennomført i 2013, 28.5. og 19.11. på Skei.

På sistnemnde møte deltok også leiaren for Hovudutvalet for opplæring og ein representant for opplæringsavdelinga i fylkeskommunen.

Status-utfordringar spissa idrettstilbod i vidaregåande skule

- Miljøa, skulane og særiddrettane, melder status om god drift med tilbodet og god utvikling for elevane/utøvarane.
- Det spissa idrettstilbodet har no «sett seg godt». Det blir arbeidd med god innsats i miljøa både frå tilsette og frivillige.
- Ei viktig side ved det spissa tilbodet er det gode samspelet mellom den enkelte skule og idretten; klubben, trenaren og den enkelte utøvar. Dei faglege miljøa i enkeltidrettane blir sterkare gjennom det spissa tilbodet.
- Totaltilbodet for utøvaren/eleven med trening/utvikling både i og utanfor skuletid, er styrka. Den daglege oppfølginga av utøvar/elev av klubbtrenarar og fagkrefter ved skulane blir lagt godt til rette.
- Ei utfordring for særiddrettsmiljøa er følge opp aktuelle søkjarar fram mot søknadsfrist til nytt skuleår.

Ordning med inntak av potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande skule

Ordninga inntak av potensielle toppidrettsutøvarar på særlege vilkår ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane er ført vidare i perioden.

Idrettskrinsen gir tilråding overfor fylkeskommunen på inntak etter innstilling frå særkrinsane/region.

Skuleår	Idrett	Tal søkjarar	Tal inntekne	Inntak	Skule
2012-13	Fridrett	2	2	Ididr2 Idrettsfag	Firda vgs
	Friidrett	2	2	Ididr1 Idrettsfag	Firda vgs
	Ski	1	1	Ididr1 Idrettsfag	Firda vgs
2013-2014	Ski	1	1	Ididr2 Idrettsfag	Firda vgs
	Friidrett	2	2	Ididr2 Idrettsfag	Firda vgs
	Fridrett	3	3	Ididr1 Idrettsfag	Firda vgs
	Ski	4	4	Ididr2 Idrettsfag	Sogndal

Status-utfordringar inntak av potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande skule

- Tal inntekne på denne ordninga har hatt ei positiv utvikling frå førre periode; seks i 2010/12 og 15 i 2012/2013. Det er få særiddrettar som nyttar ordninga og her bør fleire følge opp sine utøvarar, særleg dei særiddrettane som ikkje tek del i dei spissa idrettstilboda ved vgs.
- Idrettskrinsen og særkrinsane/regionane må også sikre betre informasjon om ordninga ut til laga og utøvarane.

Samordning av terminlister aldersfastlagde klassar

Idrettskrinsen legg til rette for samordning mellom dei største særiddrettane i fylket.

Opplegget med samordning av særiddrettane sine terminlister for aldersgruppa opp til 16 år, er vidareført i 2012 og 2013 med to årlege møte.


Status-utfordringar samordning av terminlister aldersfastlagde klassar

- Utviklinga har gått i retning av tettare med konkurransar og samlingar og over heile året, særleg for dei største idrettane.
- Dette set store krav om samhandling hjå aktørane, særkrinsar/region og særgruppene i laga, for å legge tilboda slik til rette at utøvarane ikkje treng å velje bort deltaking i fleire idrettar ved kollisjonar.

6.3. Vaksenidretten

Mål: Ein større del vaksne medlemmer vel å trene innanfor idrettslaga sine aktivitetstilbod.

Utvikling i medlems- og aktivitetstal aldersgruppa over 20 år:



Over 20 år	2008	2009	2010	2011	2012
Medlemstal	21956	20429	21345	21679	20593
Aktivitetstal	19368	20222	20164	20851	19635
Folketal i aldersgr.	77432	78254	79057	79689	80377
Medlemstal i % av folketal	28%	26%	27%	27%	26%
Aktivitetstal i % av folketal	25%	26%	26%	26%	24%

Idrettsmerket


Idrettskrinsen har oppgaver med informasjonsarbeid, kvalitetssikring av idrettsmerke-rapportering, bruk av regelverk, administrasjon bestillinger av utmerkingar og oppfølging av arrangørar.

Idrettsmerkearrangørane legg ned stor innsats år etter år og motiverer mange til fysisk aktivitet og trivsel. Dei legg også til rette viktige sosiale møteplassar ved arrangementa med merkeprøvar.

Fem idrettsmerketakarar **Lyngve Flo, Stryn Turn og IL, Hermund Daling, Førde il, Astrid Veum, Hafslo il, Arnfinn Ommedal, Hyen il og Jørgen Holme, Hyen il** har oppnådd 50-årsmerke med diplom i perioden.

Avlagde prøvar i Sogn og Fjordane	Kvinner	Menn	Totalt
2011	99	142	241
2012	94	123	217

Oversyn over oppnådde utmerkingar og trofè						
År	Statuett	Krus	Min.stat.	Heiderspris	40-års-merke	50-års-Merke
2011	4	4	2	6	4	1
2012	1	5	3	2	3	4



Status- utfordringar vaksenidretten

- Målet om at ein større del vaksne medlemmer vel å trene innanfor idrettslaga sine aktivitetstilbod er ikkje nådd.
- Utviklinga i aktive over 20 år bryt med den oppovergåande kurva frå 2009 ved ein reduksjon på vel 1200 aktive frå 2011 til 2012.
- Handlingsprogrammet 2012-2014 har målet om at fleire idrettslag legg til rette mosjonsaktivitetar for vaksne. Denne utfordringa ligg framover.(Sjå elles punktet Idrett og folkehelse).
- Eit anna mål er at idretten sitt treningstilbod blir konkurransedyktig i høve private treningssentra. Her har mange idrettslag lagt til rette eigne treningssentra. Eitt døme er Breimsbygda Studio.
- Det er ei klar utfordring for særiddrettar og lag å legge til rette for at fleire vaksne får behovsretta aktivitetstilbod i den organiserte idretten.

6.4. Idrett for funksjonshemma

Mål: Fleire funksjonshemma får informasjon, finn og nyttar eit tilbod som er lagt godt til rette i idrettslaga.

Idrettskrinsen samarbeider med fagkonsulent NIF - region vest, Merete Skadal, om å legge til rette for kompetansetiltak og samordne arbeidet med kompetanse med særiddrettar der det er behov.

Lokal aktivitet for funksjonshemma er avhengig av ulike interessepartar i eit samspel mellom brukar/utøvar, idrettslag og særiddrettar og kommunen.

På aktivitetssida har særkrinsane/særforbunda ansvar og skal vere pådrivarar overfor idrettslag og lokalmiljø for å få i gang aktivitet.

Gode døme på aktivitetstilbod frå særkrinsar/idrettslag er:

- To årlege ski- og snøsamlingar for funksjonshemma i regi av Sogn og Fj. Skikrins.
- «Byrkjeloleikane» - ein aktivitetsdag for psykisk utviklingshemma. Arrangert i samarbeid mellom SFFK, Friidrettskrinsen, Sogndal United og Breimsbygda IL.
- Sogndal United; eit nystarta trimtilbod for psykisk utviklingshemma i regi Sogndal Idrettslag
- Førde United handball starta i 2012 aktivitetstilbod for utviklingshemma

Idrettskrinsen var representert ved Anne Leversund på tiltaket «Open dag» i regi av Sogndal idrettslag 25.05.13.

Merete Skadal demonstrerte her hjelpemiddel for funksjonshemma.

Kurset «Trening av menneske med utviklingshemming» vart arrangert på Byrkjelo 19.10.13 med 11 deltakarar i samarbeid mellom idrettskrinsen og NIF.

I Florø var det en prøvedag med el-innebandy 16.10.13. Norges Bandyforbund, Florø Innebandyklubb, Flora kommune ved fysio-/ergoterapitenesta og fagkonsulenten frå NIF var involvert.

Merete Skadal presenterte idrett for funksjonshemma i Sogn og Fjordane på hjelpemiddelmessa til NAV i Førde 24. april 2013.



Status –utfordringar idrett for funksjonshemma

- Det er eit mål at fleire funksjonshemma får tilbod om fysisk aktivitet i idrettslaga. Det er pr. 31.12.12 registrert 118 aktive funksjonshemma på særiddrettar i fylket mot 106 i 2010.
- Det er rimeleg grunn til å tru at mange funksjonshemma får tilbod om regelmessig fysisk aktivitet gjennom arbeids- og bufelleskap.
- Lokal aktivitet for funksjonshemma er avhengig av ulike interessepartar i eit samspel mellom brukar/utøvar, deira støtteapparat, idrettslag og særiddrettar og kommunen.
- Utfordringar for idrettslag ligg m.a. i å søke kontakt med målgruppa, dei funksjonshemma sin interesseorganisasjonar og føresette.
- Hjelpemidelsentralar er også ein viktig samarbeidspart for rettleiing og tilrettelegging av aktivitet.


6.5. Kompetanseutvikling – klubb utvikling - idrettsrådsutvikling

Mål: Medlemsorganisasjonane har ein framtidsretta og ansvarleg organisasjon med kvalitativt gode idrettstilbod sikra gjennom eit felles kompetanseløft.

Vi analyserer status i klubben ved hjelp av Organisasjonshjulet

KLUBBUTVIKLING

*Alle utviklingstiltak som kan føre ein klubb, eit idrettslag eller gruppe frå ein **no-situasjon** til ein **framtidig ønska situasjon***



Nettverksmedarbeidarar; kurslærarar, klubbrettleiarar			
Oddvar Flataker	barneidrett	Helge Løtuft	Klubb utvikling
Frank Nymark	barneidrett	Narve Heggheim	Klubb utvikling
Synne Aa. Liljedahl	Barneidrett	Jan Erik Weinbach	Klubb utvikling
Synne Aa. Liljedahl	Ungdomsleiark.	Sigrun Bjørkeli	Klubb utvikling
Ann Kristin Grodås	Ungdomsleiark.	Arve Heimdal	Klubb utvikling
Jo Inge Gåsvær	Coaching		

Klubb utvikling tiltak

Klubb utvikling 2012-2013	Tiltak		Tiltak
Lagsbesøk	8	Anleggsplanlegging – temakurs i idrettslag	7
Klubb utviklingsprosessar (start- og eller oppfølgingsmøte), handlingsplanprosessar	12	Kurset Økonomistyring og rekneskap	3
Verdiprosessar	2	Andre kurs/tiltak: Temamøte/planprosess ungdom	5
Klubbrettleiarsamlingar	3	«Idrettens rammebetingelsar»	6
Nettverkssamlingar	3		

Idrettsrådsutvikling tiltak

Kompetanseløft idrettsråd 2012-13	Tiltak		Tiltak
Idrettsrådsbesøk med temainnslag på årsmøta	22	Idrettsrådssamlingar: i) IR i Sunnfj./Ytre Sogn, Førde ii) IR i Sogn, Sogndal	2
Temakurs: Lover/reglar/retningslinjer og Idrettsrådet- ansvar og oppgaver Idrettsrådet i forhold til kommunen	2		

Trenarkurs i særiddrettar (målt i tal elevtimar = timar x tal elevar pr.kurs)

Særkrins	2008	2009	2010	2011	2012
Bandy		460	180	160	
Fotball	8544	9272	7788	7620	11740
Friddrett	356	288	1332	1480	376
Gym/Turn	964	336	380	912	696
Handball	792	188	1208	400	740
Orientering	196			160	
Ryttar		1092			
Ski	3184	2336	3728	1842	3116
Skiskyting		312	512	144	170
Skyting					
Symjing	500	488	214	600	748
Vektløfting			135	240	380
Volleyball			384	288	
Totalt	14536	14772	15861	13846	17966

Status –utfordringar kompetanseutvikling

- Målet på dette innsatsområdet er å gi kvalitative gode idrettstilbod gjennom eit felles kompetanseløft. Det er sjølvstøtt vanskeleg å måle kvalitet bortsett frå at omfanget av kompetansetiltak gir ein peikepinn på utviklinga.
- Å gjere kvardagen enklare for idrettslaga, er ei viktig målsetjing for overliggande organisasjonsledd i idretten. Klubbutvikling omfattar alle kompetanse- og utviklingstiltak som styrkar lagsarbeidet.
- Det er for få lag som set av tilstrekkeleg tid til kompetansetiltak. På den andre sida er oppgåvene for dei frivillige omfattande og utfordrande i høve kapasitet. Kompetanseutvikling kjem laga i sine ønske om å utvikle tilboda i møte, og kan gjere kvardagen enklare for leiar- og trenarapparatet.


- Tabellen på trenarkurs i særiddrettane (innregistrerte tiltak i SportsAdmin) syner til dels stor variasjon i omfang frå år til år og mellom særiddrettar. Fotball og ski har sterk framgang frå 2011 til 2012.
- Fleire særiddrettar har eit relativt lågt aktivitetsnivå på utdanningssida. I denne vurderinga må vi sjølvsagt ta inn føresetnadene for å legge til rette for utdanningstiltak. Det er m.a. stor skilnad mellom særkrinsar/regionar med og utan administrativt tilsette. Men det viktig å vere bevisst på at utdanning er eit viktig virkemiddel for å skape aktivitet og styrke kvaliteten på idrettstilboda.
- Det er ønskjeleg at fleire lag er «utdanningsaktive» og prioriterer tid til kompetansetiltak. Eit god virkemiddel er lagsbesøk for m.a. å kunne få «skreddarsy» tiltak ut frå laget sitt behov. Kurset «Klubben sitt styrearbeid i praksis» bør vere eit prioritert tiltak for laga i komande periode.

6.6. Idrettsanlegg - nærmiljøanlegg

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane er samordna på anleggsutvikling og det offentlege tek medansvar for at alle får tilgang til idrettsanlegg uavhengig av kvar ein bur.

Spelemidlar til idrettsanlegg

Grafikk og tabell nedanfor syner utviklinga for spelemidlar til idrettsanlegg i Sogn og Fjordane:



Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg

Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%	Totale kostnader
2009	94.087.000	21.727.000	23,1 %	374.404.604
2010	101.375.000	21.952.000	21,7 %	480.557.205
2011	105.851.000	22.797.000	21,5 %	502.849.796
2012	130.884.000	27.280.000	20,8 %	601.589.984
2013	137.210.544	29.931.000	21,8 %	

Ordinære anlegg

Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2009	86.502.000	18.174.000	21,0%
2010	95.086.000	18.961.000	19,9%
2011	100.942.000	20.797.000	20,6%
2012	123.697.000	24.291.000	19,6%
2013	131.769.544	27.719.000	21,0%

Nærmiljøanlegg

Årstal	Godkjent søknadssum	Tildelt	%
2009	7.585.000	3.553.000	46,8%
2010	6.289.000	2.991.000	47,6%
2011	4.909.000	2.000.000	40,7%
2012	7.187.000	2.989.000	41,6%
2013	5.441.000	2.212.000	40,7%

Anleggsprosessar/temamøte i klubbar:

Det er i 2012 gjennomført seks temakvelder anlegg der idrettskrinsen har stilt med rettleiar.

To temamøte om fleirbrukshall Sogndal il, informasjons-/temamøte om spelemidlar/bygging av motorsportanlegg Florø Motorsportklubb, anlegg/spelemidlar Førde Pistolklubb, informasjon om spelemidlar Stryn IR og laga i Stryn.

Idrettskrinsen har elles arbeidd for opptrapping av tippenøkkelen i møte med fylkespolitikarar og ved påverknad overfor stortingsrepresentantane frå Sogn og Fjordane.

Status –utfordringar anlegg

- Godkjent søknadssum på spelemidlar til anlegg har relativt stabil fram til 2011. Frå 2011 til 2012 auka denne med 25,3 mill. Tildelingsprosenten har gått ned årleg og ligg på om lag 20 %. I 2013 auka løyvingane med om lag 3,5 mill. frå året før. Tildelingsprosenten gjekk opp til 21% og som tilsvarar eit etterslep på nærare fem år.
- Konsekvensane er dyrare anlegg gjennom låneopptak til forskottering av spelemidlar og langt tregare anleggsutbygging enn dokumenterte behov tilseier. Dette hemmar ei sunn aktivitetsutvikling.
- Den politiske og idrettspolitiske utfordringa er først og fremst å arbeide for at den varsla opptrappinga til 64 % av spelemidlane til idrettsformål, blir gjennomført raskast mogleg i komande statsbudsjett.

6.7. Idrett og folkehelse

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane samarbeider breitt med offentlege institusjonar, andre frivillige organisasjonar og andre aktørar for å auke generell fysisk aktivitet for innbyggerane i fylket.

Idretten sitt viktigaste bidrag til folkehelsearbeidet og til samfunnet, er den daglige idrettsaktiviteten i idrettslaga. Tusenvis av frivillige engasjerer seg for lokalsamfunna i eit sosialt fellesskap.

Idrettslaga i Sogn og Fjordane tilbyr driv i hovudsak breiddeaktivitet som kjem store grupper av barn og unge til gode og dannar vanar for varig interesse for fysisk aktivitet. Dei er i så måte viktige aktørar for fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.

Laga legg i stor grad til rette for eigenorganisert aktivitet i sine ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunstgrasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og turorientering er gode døme på tilbod til folk flest.

Idrettskrinsen la i 2013 til rette for å starte opp **folkehelseprosjektet TRIM I Lag**.

Mål for prosjektet (tre-årig) er å auke oppslutnaden om fysisk aktivitet i lokalmiljøet ved å stimulere til etablering av nye og vidareutvikle eksisterande låg-terskel aktivitetstilbod i idrettslag i Sogn og Fjordane.

Målgruppe er i første fase idrettslaga i fire utvalde kommunar.

Det er innvilga støtte til prosjektet frå Norges Idrettsforbund og Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

På grunn av langtids sjukemeldingar i administrasjonen hausten 2013 er oppstart av prosjektet sett ut til 2014.

Status –utfordringar folkehelse

- Mange idrettslag har gode lågterskeltiltak med fysisk aktivitet.
- Har idretten kapasitet til større innsats på folkehelsesida?
Utvegane for idrettslaga ligg gjerne lokalt samarbeid med folkehelseaktørar og andre organisasjonar. Ved å utvide målgruppene for lågterskelaktivitet i nærmiljøet, kan ein nå fleire som er lite fysisk aktive med dei etablerte tilboda laga har.
- Det bør ligge eit potensiale i offentleg samarbeid med idrettsorganisasjonane for å nå fleire med aktivitetstilbod.
- Eit gjennomgåande trekk for det offentlege bør då vere å understøtte frivillig innsats i idrettslaga. Ved å stimulere med økonomiske virkemiddel kan idretten få løyst ut meir aktivitet og nå ut til nye målgrupper.

6.8. Antidopingarbeidet

Mål: Idretten prioriterer verdiarbeid, er tydeleg i si haldning mot doping i alle ledd og tek i vare utøvarane sin rettstryggleik.



Programmet ”Rent idrettslag” er eit godt eigna virkemiddel og ein enkel måte for idrettslaget å setje fokus på verdiarbeid og antidoping.

Programmet utfordrar laget og deltakarane på å ta stilling til og vise si haldning til doping.

Idrettskrinsen har sett som arbeidsmål å informere om «Rent idrettslag» ved ulike møtearenaer der dette er mogleg.

Oppfordringa er at idrettslag, IR og særkrinsar gjennomfører programmet og registrerer seg. «Ærleg tal» antidopingseminar vart arrangert i Førde 26.11.13 i Førde med idrettskrinsen som arrangør i samarbeid med fylkeskommunen og Antidoping Norge.

29 personar var med på eit svært godt og viktig tiltak både for idretten og samfunnet rundt. Arrangørane skulle ønskje at langt fleire særiddrettar hadde delteke på seminaret.

Foredragshaldarar var Morten Heierdal og Stian Grimseth.

Holdningskampanjen «Ærleg tal» er eit samarbeid mellom Antidoping Norge og Norges idrettsforbund og eit bærande element i Antidoping Norge si 10-årsmarkering i 2013.

Status –utfordringar antidoping

- Utfordringa er for alle å «ta innover seg» at doping kan vere eit meir nærliggande problem for ungdomane våre enn vi vel å tru.
- Antidopingarbeidet må få eit sterkare fokus i idrettsledda framover.
- Alle ledd og utøvarar bør ta i bruk e-læringsverktøya www.rentidrettslag.no og www.renutover.no i komande tingperiode.

6.9 Andre utdannings- / utviklingstiltak

Stimuleringssamlingar

Mål for samlingane har vore å gi etterutdanning med høgt kvalifiserte forelesarar, motivere for og fokusere på samhandling på tvers av særinteresser, miljø og fagfelt.

To årlege samlingar er gjennomførde med dei miljøa som deltek i prosjektet -TOPP- idrettsutvikling for ungdom 16-19 år- som primærmålgruppe. I tillegg var trenarar og leiarar frå idrettslag og særiddrettar målgruppe.

Samlingane er arrangert med støtte frå Sparebanken Sogn og Fjordane, i samarbeid med Idrettssenteret og gjennomførde på Fosshaugane Campus.

Samlingar 2012 og 2013, tema og deltakartal:

Laurdag 14. april 2012:

- Treningsfilosofi – utvikling av unge utøvarar – stabile og gode prestasjonsmiljø v/ Per Øyvind Torvik
- Praksis: Spesifikk fysisk trening – testing v/fagpersonell Idrettssenteret

Deltakartal: 62

Laurdag 24. november 2012:

- Frå ung utøvar i lokalmiljøet til OL i 2016 v/Geir Eithun
- Praksis: Treningsøkt med Geir Eithun og testing

Deltakartal: 28

Laurdag 20. april 2013:

- Kvifor vart dei beste best v/Stig Inge Bjørnebye
- Korleis nå toppen i ein lagidrett som lokal utøvar frå Sogn og Fj. v/June Andenæs
- Frå Hornnindal til Viksersund v/Anders Fannemel
- Evaluering av -Topp-prosjektet
- Praksis med foredragshaldarane

Deltakartal: 60

Status – utfordringar stimuleringsamlingar

- Stimuleringsamlingar har vore gjennomført årleg sidan 2001, har samla stor deltaking med gode nasjonale fagkrefter og er viktige fagarenaer på tvers i idretten.
- Tilsvarende samlingar må leggast til rette framover enten som eigne samlingar eller i kombinasjon med andre faglege møteplassar for idretten i fylket.

Trenarforum

Trenarforum er oppretta i eit samarbeid mellom idrettskrinsen, særkrinsane og Høgskulen i Sogn og Fjordane i 2011.

Mål for forumet:

- Forumet skal vere ein utviklingsarena for trenarar i S/Fj. som arbeider med utøvarar på eit høgt ambisjons- og prestasjonsnivå.
- Forumet skal bidra til eigenutvikling for trenarar med grunnleggande lyst til å lære og utvikle seg, vil formidle eigne og lære av andre sine erfaringar.
- Forumet skal gi tilbod om læringstema på fagområde der trenarane har behov og ønskje

Målgruppe

Trenarar som arbeider med utøvarar på nasjonalt nivå og krinslagsnivå.
(som var utgangspunkt for første samlinga)

Nærare definisjonar, krav og forventningar til deltakarane:

1. Tilbod til dei trenarane som har størst ambisjonar
2. Trenarane må vere aktive i trenargjeringa og ha kompetanse erverva gjennom skoling (og erfaring) og/eller lang erfaring
3. Andre trenarar som særleg høg kompetanse på eitt eller fleire fagfelt, kan delta i forumet.

Det vart gjennomført ei samling i trenarforumet 2.2.12 med 17 trenarar frå friidrett, ski, handball, fotball, volleyball og skiskyting.

Status – utfordringar trenarforum

- Samlingar i forumet har ikkje vore gjennomført i 2013 av kapasitetsgrunnar og prioriteringar av ulike gjeremål. Det er ei utfordring å få på gang att samlingar i forumet.
- Desse samlingane er gode møtepunkt på tvers av særiddrettar, miljø og fagfelt.

Suksessformelen!

Hente impulsar og læring på tvers av særiddrettar, interesse, miljø og fagfelt

6.10. Prestasjonsutvikling – toppidrett

Idretten i Sogn og Fjordane har mange gode utviklings- og prestasjonsmiljø som arbeider med kontinuitet og kvalitet.

Vi har toppidrettsutøvarar i individuelle idrettar som hevdar seg på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå med våre fire utøvarar som er tekne ut som OL-deltakarar i Sotsji i 2104, i fremste rekke.

Lagidrettar i fylket som kan syne til god prestasjonskultur og høgt idrettsleg nivå over tid, er SIL – fotball og Førde Volleyballklubb.

Utviklingsarbeid for å skape prestasjonar må vere prega av kontinuitet, kvalitet og kreativitet.

Kontinuitet er ein føresetnad for å bygge utviklingskultur over tid.

Kvalitet føreset kompetanse (kunnskap, ferdigheiter, erfaring, verdiar og haldningar), men handlar også om originalitet og nyskaping.

Kreativitet er skapande evne og å tore å gå utradisjonelle vegar. Det kan vere å finne nye løysingar og gå opp nye spor som kan gi betre og ønska utvikling for utøvarane.

Eit kjenneteikn er at mange lagsmiljø er gode på å få fram unge utøvarar som gir grunnlag for utvikling av toppidrettsutøvarar.

Med fare for at vi utgløymer særiddrettar, vil vi her nemne skiskyttarmiljøa i fylket, fridrett, langrennsmiljøa i fleire idrettslag og vektløfting i Tambarskjelvar.

Vi har relativt små idrettsmiljø i fylket og treng kvarandre. Nokre miljø i vårt fylke får fram potensielle topputøvarar nærmast jamleg. Det beste frå desse miljøa må hentast fram og overførast til andre miljø.

Idrettskrinsstyret legg i Strategiplan 2014-2016 opp til at idretten på tvers av særiddrettane set systematisk utvikling av unge utøvarar på dagsorden i eit femårig prosjekt.

6.11. Idrettssenteret A/S

Idrettssenteret AS er eit aksjeselskap med ideelt føremål. Idrettssenteret AS er eigd av Norsk idrett gjennom Sogn og Fjordane Idrettskrins og Sogndal Fotball. I tillegg er Høgskulen i Sogn og Fjordane vedtaksfesta rett til styrerepresentasjon saman med eigarane.

Styreleiar i selskapet skal kome frå Sogn og Fjordane Idrettskrins. Idrettssenteret sitt hovudmål er å skape eit ressurscenter som kan auke det idrettsfaglege kunnskaps- og kompetansenivået i Sogn og Fjordane.

Idrettssenteret skal verte drive på eit ideelt økonomisk grunnlag ved at overskotet vert ført attende til føremålet og utvikla tilbodet til brukarane vidare.

Leiar i idrettskrinsstyret Aud Kari Isane har i årsmeldingsperioden vore styreleiar i Idrettssenteret A/S. Organisasjonssjef Anne Leversund er styremedlem frå 1.9.12.

Det har vore avvikla 4 styremøter og handsama 23 saker.

6.12. Prosjektet TOPP - idrettsutvikling for ungdom 16-19 år

Prosjektet «TOPP – idrettsutvikling for ungdom 16-19 år» starta sommaren 2008 og var avslutta etter fem års drift sommaren 2013.

Eigar av prosjektet var Sogn og Fjordane Idrettskrins.



Sparebanken Sogn og Fjordane finansierte prosjektet med ein totalsum på 6,3 mill. Idrettssenteret A/S i Sogndal hadde prosjektleinga og var praktisk drivar av prosjektet.

Målet for prosjektet var å styrke aktivitets-, kunnskaps- og kompetanseutviklinga i idretten i Sogn og Fjordane gjennom lokal oppfølging.

Idrettssenteret A/S i Sogndal har hatt prosjektleing og vore praktisk drivar av prosjektet med prosjektleiar Eirik Nedrehagen.

I løpet av prosjektperioden har ressursramma vore på 6,3 millionar kr. Desse har grovt sett vorte brukt slik:

- Prosjektleing og sportsleg tilrettelegging: ca. 4,57 mill. kr.
- Testing og utstyr: ca. 0,57 mill. kr.
- Administrasjon (SFIK), møteverksemd og reiser: ca. 0,5 mill. kr.

- Fellessamlingar: ca. 0,5 mill. kr.
- Evaluering: 160 000 kr.

Følgjande klubbar/treningsfellesskap/miljø var med i prosjektet:

- Førde Volleyballklubb
- Kaupanger idrettslag, fotball damer
- Team Statkraft Nordfjord skiskyting
- Sogn og Fjordane Skikrins juniorkrinslaget
- Norges Handballforbund region vest, Gloppen handballklubb
- Førde IL, fotball
- Førde IL, handball

Sogn og Fjordane Friidrettskrins regionslag (dette miljøet vart sett på vent og til slutt teke ut av prosjektet fordi dei ikkje fekk organisert eit regionlag).

Høgskulen i Sogn og Fjordane, Institutt for idrett har gjennomført ei undervegs- og ei sluttevaluering av prosjektet.

Evalueringresultata vart presentert på ei samling 15.05.13 på Idrettens Hus i Førde.

Heile evalueringsrapporten med sentrale tilrådingar finn du på:

<http://www.idrett.no/krets/sognogfjordane/prosjekter/Documents/TOPP%20-%20Sluttevaluering%20av%20Topprosjektet.pdf>



6.13. Idretten sitt engasjement i Sogn og Fjordane Fylkeskommune si 250 års jubileumsmarkering i 2013.



Idrettskrinsen og særkrinsane/regionane vart vinteren 2012 utfordra av Sogn og Fjordane Fylkeskommune til å bidra inn mot fylkeskommunen si jubileumsmarkering.

Saman med nokre av dei største særkrinsane planla idrettskrinsen fleire jubileums-arrangement og motivasjonsturne.

Sogn og Fjordane Teater inviterte i mai 2013 til samarbeid om eit opplegg i tilknytning til Mensen Ernst løpsturnè i fylket.

Dette initiativet fall nær saman med planane om ein motivasjonsturnè og vart gjennomført som eit felles arrangement. Sjå rapport som eige vedlegg til årsmeldinga.



Fleire idrettslag var involvert i arrangementa, synte stor vilje til å vere med og gjorde ein kjempeinnsats for å få til gode arrangement.

Idrettslag som var engasjerte under løpsturneèn: **Måløy IL, Bremanger IL, Askvoll IL, Eikefjord IL, Brekke il, Bjordal/Søreide il, Vik Il og Modig IL.**

Ei stor takk må også rettast til desse særkrinsane som hadde ansvar for lokale arrangement: **NHF Region Vest, Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Sogn og Fjordane Fotballkrets og Sogn og Fjordane Skikrins.**

Markane Idrettslag, Førde Cykleklubb og Bjørn Il hadde arrangøransvar for jubileumstrippelen med langrenn, sykkel og motbakkeløp og gjorde ein flott innsats i ei fin ramme rundt arrangementa.

Jubileumsarrangement

I) **Motivasjonsturnè** (Sjå vedlegg til årsmeldinga.)

II) **Jubileumskarusell – trippel**, (ski, sykkel og friidrett)

i 2013 med tre idrettar og med utgangspunkt i etablerte arrangement/løp

Turrenn på ski	Tverrfjelldilten	16.2	Markane II	Ullsheim
Sykkelløp	Jølstravatnet rundt	12.5.	Førde Cykleklubb	Førde/Jølster
Motbakkeløp	Molden opp	15.6.	Bjørn il	Marifjora

III) **Jubileumsarrangement Mense Ernst minneløp** Fresvik 3. august.

Deltakarpremiering i alle løpa. Samanlagtpremie for dei beste i dame- og herreklassen i trippelen.

IV) **NIF Kunnskapsturneen 2013 med arrangement i Sogn og Fjordane –**
Tema: «Ærlig talt» tysdag 26. november i Førde.

1105 deltakarar har delteke i idrettsarrangementa og fekk eigen jubileumspremie med idrettskrinsen og fylkeskommunen sin logo.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Fylkeskommune ytte økonomisk støtte til nemnde arrangement og motivasjonsturneen.



Foto: Per Kopperdal

Vedlegg til årsmelding 2012-2013

Motivasjonsturnè

Løpekongen Mensen Ernst gjennom fylket på sju dagar - foredrag og idrettsaktivitetar 13.-19. september



Utgangspunkt/plan

Sogn og Fjordane Idrettskrins skal saman med Sogn og Fjordane Teater i perioden 13.-19. september leggje ut på motivasjonsturne med foredrag og idrettsaktivitetar i Sogn og Fjordane.

Her skal teatersjef Terje Lyngstad springe ein distanse tilsvarande ti maraton på sju dagar.

Løpet har fått namnet Løpekongen Mensen Ernst gjennom fylket på sju dagar.

Lyngstad startar ved fylkesgrensa på Åheim fredag 13. september kl 06.30. Møt gjerne opp.

Vi oppmodar deg til å springe nokre kilometer med han langs ruta i beste «Forrest Gump-stil».

Ruta for turneen er: Åheim – Hauge – Eikefjord – Askvoll – Brekke – Ornevik – Fresvik – Leikanger

På kvar stad vil dei lokale idrettslaga ha aktivitet og det vil bli halde ulike motivasjonsforedrag:

Hauge skule - God Barnefotball, v/Johann Sigurdsson Sogn og Fj. Fotballkrets

In Spire Eikefjord - Trening og ernæring, v/Ken Halstensen

Askvollhallen - Rekruttering og klubb utvikling, v/Arvid Gimmedstad NHF-reg. vest

Brekke Skule - Fysisk aktivitet og helse, v/Eivind Skjerven

Samfunnshuset Bjordal - Fysisk aktivitet med stavgang, v/Eivind Skjerven

Fresvik ungdomshus - Motivasjon for kropp og sjel, v/løpelegenda Ingrid Kristiansen

Målgangen i Leikanger vil finne stad under 250 års jubileet til Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Det blir samla inn pengar til Kreftforeninga i dette prosjektet. Pengar kan setjast inn på konto 5368 05 06678. Merk innbetalinga «Kreftforeningen».

Gjennomføring

Torsdag 12. september.

16.00 – Reise til Selje Hotell
20.30 – Ankomst Selje Hotell
21.30 – Møte med planlegging av fredag.

Fredag 13. september

06.30 - Terje Lyngstad alias Mensen Ernst starter Åheim-Hauge.

Ved Flatraket Skule og Flatraket barnehage kom alle ungane ut. Ein klasse sprang ca. 1 km i lag med Mensen Ernst.

12.30-1400 - Friidrettsaktivitetar for barn i Måløy sentrum, torget. 3 ungdomsskuleklassar ca. 75 elevar frå Skram skule var med på aktivitetane. Instruktør var Merete Helgheim og Inge A. Visnes engasjert av Sogn og Fjordane Friidrettskrins ca. 12.40 Ankomst Måløy.

Teatersjefen kom ca. 45 min tidlegare. Kl. 12.30 sprang han opp i gate 1 og kom i lag med skuleelevane inn til Måløy Torg.

16.00-18.30 - Barnefotball ved Hauge skule.

Fagansvarleg: Sogn og Fj. Fotballkrets.

Klubben nytta høve til merketaking og aktivitet/kursing for 9-10 åringar med Johann Sigurdsson. Ca. 60 delt.

ca. 16.45 Ankomst Hauge. Mensen Ernst vart motteken med kor og korps ved inngang til Hauge Skule. Staseleg innkomst.

Løpar på rulleski fylgde Mensen Ernst siste 5-6 km til Hauge skule.

19.00 - Foredrag: God barnefotball, v/Johann Sigurdsson, Hauge skule. Foredrag med hovedvekt på fair play.

Foredrag Terje Lyngstad.

Frammøte på foredraga: 13 stk. I hovudsak foreldre til unge fotballspelarar.

Lørdag 14. september:

08.00 - Start Hauge – Eikefjord

1 person, Hermund Kleppa, starta i lag med Mensen Ernst ved Hauge skule og fylgde han til Smørhamn. Båt over til Kjelkenes. Litt forbi Norddalsfjordbrua kom det med 5 – 6 personar som fylgde Mensen Ernst til Eikefjord stadion.

13.30-15.00 - Idrettsaktivitetar Eikefjord Stadion. Ca 30 personar.

ca. 15.10 Ankomst Eikefjord.

Mensen Ernst vart motteken med korsang og korpsmusikk ved innkomst til Eikefjord stadion og interjua av speaker på stadion. Ca. 80 personar på stadion.





18.00 - Foredrag: Trening og ernæring, v/Ken Halstensen, in-Spire. Spennande foredrag med erfaringar som kostholdsveileidar i Strømsgodset

Foredrag – Terje Lyngstad

Frammøte på foredraga: 46 stk. Fin festkveld med "fingermat"

Etter festkvelden reiste Terje Lyngstad til Førde for behandling av Naprapat

Søndag 15. september:

06.30 - Start Eikefjord – Askvoll

4 personar fylgde Mensen Ernst frå Eikefjord stadion i ca. 10 km

14.00-15.30 - Handballaktivitetar for alle i

Askvollhallen. Fagansvarleg: NHF reg. vest

ca. 15.45 Ankomst Askvoll. 2 spreke karar (Kåre Ness og Erling Helle) sykla i lag med Mensen Ernst siste delen mot Askvollhallen.

15 unge sprang siste 100 m

All aktivitet var lagt til INNE i Askvollhallen. Fin mottaking av korps og solist (Jarl Audun Rivedal) som song.

18.00 - Foredrag: Rekruttering og klubb utvikling, Askvollhallen v/Arvid Gimmedstad,

Foredrag Terje Lyngstad

Frammøte på foredraga: 25 stk



Måndag 16. september:

07.10 Start Askvoll – Brekke.

Etter telefonsamtale med rektor ved Hyllestad skule vart Mensen Ernst møtt av 170 – 180 skuleelevar som heia på og hylla Mensen Ernst.

ca. 15.45 Ankomst Brekke.

Velkomsthelsing ved ordførar i Gulen, Hallvard Oppedal.



16.00-17.30 - Kurs i stavgang for vaksne/eldre ved Brekke skule. 9 delt.

19.00 - Foredrag: Fysisk aktivitet og helse Brekke skule,
v/Eivind Skjerven,

Foredrag: Terje Lyngstad

Frammøte på foredraga: 14 stk

Tysdag 17. september:

05.00 - Start Brekke – Ortnevik

Starta frå Brekke 04.30.

På denne turen sprang Mensen Ernst opp E 39 mot Hordaland grense og attende

12.00-13.15 - Idrettsaktivitetar, Bjordal skule.

Ved Bjordal skule hadde lærarar og elevar førebudd seg med spørsmål til Mensen Ernst.

Vi vart samla i eit rom på skulen og godt førebudde spørsmål vart stillte. Elevar og lærarar, ca. 20 stk. hadde tydleg førebudd seg til at vi skulle kome.

ca. 17.10 Ankomst Ortnevik

Vart mottekne av ca. 30 bygdefolk som hadde baka 3-4 kaker og 6-7 fulle termosar med kaffe. Mensen Ernst vart motteken som ein helt.

19.00 - Foredrag: Fysisk aktivitet med stavgang,
v/Eivind Skjerven, Samfunnshuset Bjordal

Foredrag: Terje Lyngstad

Frammøte på foredraga: 25 stk.

Etter at "folkemøtet" i Ortnevik var avslutt reiste IK sin representant til fergekaia i Oppedal.

Reiste til Førde, henta hoppbakke som skulle til Leikanger. Kjørde bakken til Sogndal, sette den av ved SHELL.

Ville ikkje nå siste ferje på Hella. Kjørde Manheller – Fodnes – Lærdal – Aurland – Vinje – Vikafjellet – Vik – Arnafjorden. Kom til Arnafjorden ca. 05.00 onsdag morgon.



Onsdag 18. september:

05.30 - Start Ortnevik - Fresvik

09.00 - Stafett med Flatbygdi skule frå Ligtvor til Strandparken i Vik sentrum.

Rådmann og 10. klasse møtte oss ved Ligtvor, ca. 4 km frå Vik sentrum, 9 klasse møtte oss 3 km frå Vik, 8 klasse 2 km frå Vik, 7 klasse 1 km frå Vik. Flott tiltak.



ca. 09.40 Ankomst Vik. Fin mottaking med tale ved rådmann Oddbjørn Ese i Vik.
2 løparar fylgde Mensen Ernst frå Vangsnes til Fresvik.
14.00-16.30 - Løpekurs, Fresvik Skule v/ Ingrid Kristiansen. 25 delt



ca. 16.30 Ankomst Fresvik

ca. 17.00 Fylkeskulturdirektør Ingebjørg Erikstad heldt tale og la ned krans ved minnesteinen for Mensen Ernst.



19.00 – Fresvik Ungdomshus

- Foredrag: Motivasjon for kropp og sjel, v/Ingrid Kristiansen.
- Foredrag: Terje Lyngstad
- Kåseri: Jens Brekke

Frammøte foredrag: 62 stk

Ein fin festkveld i Fresvik. Heidring av Mensen Ernst.



Torsdag 19. september:

10.00 - Start Fresvik – Leikanger Starta frå Fresvik stadion 09.30

Hermund Kleppa sprang i lag med Mensen Ernst og Eivind Skjerven gjekk på rulleskøyter frå Hella til Leikanger. I Leikanger vart Mensen Ernst møtt av ungdommar som sprang siste stykket i lag med han. Antall: ca.15

16.20 - Målgang Mensen Ernst, Hermansverk



Oppsummering:

Stort engasjement frå lokale idrettslag og skular alle plassar vi kom.
Heile turneen samla om lag **775 deltakarar** på aktivitetar og foredrag.
Vi vart mottekne med RESPEKT overalt.

Årsrekneskap

Sogn og Fjordane Idrettskrins

2012

NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrins



ÅRSBERETNING SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

2012

Sogn og Fjordane Idrettskrins (SFIK) er eit fellesorgan for idretten i Sogn o Fjordane og består av alle idrettslag, idrettsråd og særkrinsar tilslutta Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komite. SFIK held til på Idrettens Hus i Førde.

SFIK skal arbeide for at innbyggjarane i fylket får høve til å utøve idrett i sunne former ut frå sine ønskje og behov, og utan å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Idrettskrinsen skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn.

SFIK hadde ved utgangen av rekneskapsåret 3 personar tilsett i 3 årsverk. Styret består av 5 styremedlem og 2 varamedlemar. Blant desse er det 3 kvinne.

Det er i 2012 ikkje utbetalt godtgjersle til styreleiar eller andre i styret.

Rekneskapet for SFIK syner eit underskot på kr. 263.814,-. Dette i tråd med vedteke budsjett .

Pr. 31.12.12 er eigenkapitalen på kr. 2.970.530,-

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen, med tilhøyrande notar, gjev fullgod informasjon om verksemda gjennom året.

Styret har saman med administrasjonen teke tak i den økonomiske situasjonen. Ein har føreteke ein kritisk gjennomgang av kostnadssida i idrettskrinsen samt at ein har starta arbeidet med å vurdere tiltak for å sjå på potensiell auke av inntektene til idrettskrinsen. Dette er eit arbeid som vil fortsette i 2013.

Styret kjenner ikkje til at det etter rekneskapsårets slutt er skjedd noko som er av ein slik karakter at det påverkar SFIK si stilling og styret meiner føresetnaden for fortsett drift er til stades.

SFIK ureinar ikkje ved si verksemd det ytre miljø.

Førde 21.03.13



Aud Kari Isane
Leiar



Arve Heimdal
Styremedlem



Ann Kristin Grodås
Styremedlem



Rune Helge Sunde
Styremedlem



Johan Kåre Kjerstad
Styremedlem



Anne Leversund
Organisasjonssjef

Sogn og Fjordane Idrettskrins

Resultatregnskap 2012

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTE	2012	2011
INNTEKTER	1		
Sponsor- og salsinntekter		1 400 350	1 352 446
Offentlige tilskot	2	2 964 166	3 150 675
Andre inntekter	3	<u>834 454</u>	<u>623 513</u>
Sum driftsinntekter		<u>5 198 971</u>	<u>5 126 634</u>
Varekostnad		7 971	17 430
Lønns- og personalkostnader	4	2 101 401	2 072 810
Tilskot	5	2 029 980	1 983 352
Andre driftskostnader	6	<u>1 443 567</u>	<u>1 424 608</u>
Sum driftskostnader		<u>5 582 918</u>	<u>5 498 200</u>
Driftsresultat		<u>-383 948</u>	<u>-371 566</u>
Finansposter			
Finansinntekter		120 133	125 703
Finanskostnader		<u>0</u>	<u>124</u>
Sum finanskostnader		<u>120 133</u>	<u>125 579</u>
ÅRSRESULTAT		<u><u>-263 815</u></u>	<u><u>-245 987</u></u>
Disponering av årets resultat			
Til/frå egenkapital		263 815	245 987
Avsetning/sjølvpålagte restriksjonar		<u>0</u>	<u>0</u>
Sum disponering		<u><u>263 815</u></u>	<u><u>245 987</u></u>

Sogn og Fjordane Idrettskrins

Balanse per 31. desember 2012

EIENDELER	NOTE	2012	2011
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Inventar og utstyr		1	1
Sum varige driftsmidler		<u>1</u>	<u>1</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar	7	150 000	150 000
Sum finansielle anleggsmidler		150 000	150 000
Sum anleggsmidler		<u>150 001</u>	<u>150 001</u>
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar	8	103 242	128 237
Andre kortsiktige fordringar	9	21 194	104 625
Sum fordringar		<u>124 436</u>	<u>232 861</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	10	3 531 841	3 798 116
Sum omløpsmidlar		<u>3 656 277</u>	<u>4 030 977</u>
SUM EIENDELER		<u><u>3 806 278</u></u>	<u><u>4 180 978</u></u>

EGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital	11	3 234 345	3 480 332
Årsresultat	11	<u>-263 815</u>	<u>-245 987</u>
Sum egenkapital		<u>2 970 530</u>	<u>3 234 345</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		104 285	45 190
Skatt og offentlige avgifter		11 054	16 399
Annen kortsiktig gjeld	12	<u>720 409</u>	<u>885 044</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>835 748</u>	<u>946 633</u>
Sum gjeld		<u>835 748</u>	<u>946 633</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		<u><u>3 806 278</u></u>	<u><u>4 180 978</u></u>

Førde 21.03.13


Aud Kari Isane
Leiar


Arve Heimdal
Styremedlem


Ann Kristin Grodås
Styremedlem


Rune Helge Sunde
Styremedlem


Johan Kåre Kjerstad
Styremedlem


Anne Leversund
Organisasjonssjef

Sogn og Fjordane Idrettskrins

Noter til regnskapet 2012

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god regnskapsskikk i Norge

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eie eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetales innan et år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Dersom verkeleg verdi av anleggsmidlar er lågare enn balanseført verdi og verdifallet forventast ikkje å være forbigåande, er det føreteke nedskrivning til verkeleg verdi. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid avskrivast lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Annen langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Aksjar og andelar i andre selskap

Aksjar der selskapet ikkje har betydelig innflytelse, er klassifisert som anleggsmidlar og er balanseført til anskaffelseskost. Investeringane nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som forventast å ikkje være forbigåande. Mottatt utbytte frå selskapa inntektsføres som annen finansinntekt. Nedskrivningar reverserast når grunnlaget for nedskrivning ikkje lengre er til stede.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av de enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffelse.

Pensjon

Pensjonsforpliktingar finansiert over drifta er beregnet og balanseført under avsetning for forpliktingar. Pensjonsordningar finansiert via sikra ordningar er ikkje balanseført. Pensjonspremien ses i disse tilfelle som pensjonskostnad og klassifiserast saman med lønnskostnader.

Inntektsføringsprinsipp

Driftsinntekter og offentlige tilskot inntektsføres når de er opptent. Sponsorinntekter inntektsføres over avtaleperioden.

Periodiseringsreglar

Utgifter kostnadsføres i same periode som tilhørande inntekt. For prosjekter som har øyremerkta midlar der aktiviteten ikkje er fullført ved periodens utløp, foretas det inntektsavsetningar.

Skatter

Sogn og Fjordane Idrettskrins driver ikkje skattepliktig verksemd og er difor ikkje skattepliktig.

Note 2 Offentlige tilskot

Regnskapsposten består av:	2012	2011
Fylkestilskot	1 250 000	1 250 000
Rammetilskot frå NIF	1 341 981	1 341 981
Tilskot til klubb- og idrettsråsutvikling frå NIF	203 168	424 187
VO-tilskot frå NIF	92 385	84 567
Tilskot til kursaktivitet frå NSF	10 500	10 500
Andre tilskot	66 132	39 440
Sum	2 964 166	3 150 675

Note 3 Andre inntekter

Regnskapsposten består av:	2012	2011
Momskompensasjon	159 301	119 286
Kursinntekter	321 915	147 102
Sal rekneskapstenester	204 020	200 850
Andre inntekter	149 218	156 274
Sum	834 454	623 513

Note 4 Lønns- og personalkostnader

	2012	2011
Lønn fakturert frå NIF	1 877 071	1 797 654
Andre ytingar fakturert frå NIF	54 603	48 021
Andre personalkostnader	169 727	227 134
Sum	2 101 401	2 072 810
Tal årsverk	3	3,5

Frå 2005 ble alle lønnskostnader i Idrettskretsen ført brutto i NIFs regnskap og vidarefakturert Idrettskretsen.

NIF har det formelle arbeidsgjevaransvaret for tilsette i Idrettskretsen og kostnaden presentert i kretsens rekneskap utgjør vidarefaktureringa av lønn frå NIF.

Tal årsverk reflekterer tal årsverk som er utført for kretsen i rekneskapsåret.

Lønn til organisasjonssjef utgjør kr 556 477.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 41 000 inkl. mva. til lovpålagt revisjon, og kr. 3 500 inkl. mva til andre attestasjonstenester. Det er ikkje utbetalt honorar eller annen godtgjørsle til styret i 2012. Det er ikkje gitt lån til tilsette pr 31.12.12.

Idrettskretsen er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Krinsens pensjonsordningar tilfredsstillar krava i denne lov. For 2012 er det betalt inn kr 119.677 og kostnadsført kr. 119.677 i pensjonspremie. Kretsens tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år. En av kretsens tilsette har gått av med AFP per 31.12.2012.

Note 5 Tilskot

Regnskapsposten består av:	2012	2011
VO-tilskot til særkrinsar og andre	61 980	52 852
Tilskot til Idrettssenteret AS - Prosjekt TOPP-idrettsutvikling	1 225 000	1 187 500
Direkte tilskot til særiddrettane	743 000	743 000
Sum	2 029 980	1 983 352

Note 6 Andre driftskostnader

Regnskapsposten består av:	2012	2011
Kontorkostnader	776 975	777 276
IT-kostnader	83 392	96 247
Idrettsfaglig bistand	13 123	13 000
Reise- og opphaldskostnader	394 504	355 995
Andre kostnader (inkludert avsetningar)	175 573	182 090
Sum	1 443 567	1 424 608

Note 7 Finansielle anleggsmidler

Investering i aksjar	Sofik AS	Idrettssenteret AS	Sum
Forretnings-kontor	Førde	Sogndal	
Stemme og eigardel	100,00 %	50,25 %	
Kostpris	100 000	201 000	
Bokført verdi	50 000	100 000	150 000
Eigenkapital pr. 31.12.11	762 655	333 406	
Resultat 2011	-87 949	520 756	

Sofik AS har teke opp lån i samband med finansiering av Idrettens Hus. Restlån pr. 31.12.12 kr. 541.165,-. Dette lånet er sikra med pant i Idrettens Hus

Note 8 Kundefordringar

Debitormassen er oppført til pålydande med frådrag for avsetning til usikre fordringar på kr. 103.242,43

Note 9 Andre kortsiktige fordringar

Regnskapsposten består av:	2012	2011
Saldo frankeringsmaskin	7 514	7 306
Andre påløpte inntekter	13 680	97 319
Sum	21 194	104 625

Note 10 Bankinnskot

Av likvide midlar på kr 3.531.840,- utgjør bundne skattetrekksmidlar kr 9.348,-

Note 11 Eigenkapital

	Annen eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr 01.01.12	3 234 345	3 234 345
	0	0
Årets endring i eigenkapital:		
Årets resultat til annen eigenkapital	-263 815	-263 815
Avsetning/sjølvpålagde restriksjonar	0	0
Eigenkapital pr. 31.12.12	2 970 530	2 970 530

Note 12 Annen kortsiktig gjeld

Regnskapsposten består av:	2012	2011
Påløpte kostnader	14 956	69 413
Forskotsbetalte inntekter	2 395	2 395
Atthaldne særkrinstilskot grunna manglande rapportering	0	13 281
Skyldig lønn	13 103	7 118
Innbetalt frå nedlagde idrettslag	45 068	43 509
Rest lotteriinntekter	644 887	749 328
Sum	720 409	885 044



Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordande Idrettskrins

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordande Idrettskrets, som viser eit underskot på kr 263 815. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2012, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilette i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for krinsen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilette. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av krinsen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilette av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordande Idrettskrets per 31. desember 2012, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen. 1B, NO-6800 Førde

T: 02316, www.pwc.no

Org.no.: 987 009 713 MVA, medlem av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap, medlem av NARF

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget om dekking av tap er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av krinsen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 21. mars 2013

Pricewaterhousecoopers



Trond Naustdal
Statsautorisert revisor

Melding frå kontrollkomiteen Sogn og Fjordane Idrettskrins 2012

Til
Krinstringet i Sogn og Fjordane Idrettskrins

Kontrollkomiteen har saman med revisor gått gjennom Sogn og Fjordane Idrettskrins sitt rekneskap for 2012, samt revisjonsmelding frå revisjonsselskapet PricewaterhouseCoopers AS.

Rekneskapen gjev etter vår meining tilfredsstillande oversikt over den økonomiske sida av verksemda - i samsvar med lov og vedtak.

Vi gjer framlegg om at rekneskapet for Sogn og Fjordane Idrettskrins slik det er lagt fram, blir godkjend.

Førde 26.02.2013


Bjarte Urnes


Bjørg Eikum Tang

Årsrekneskap

Sogn og Fjordane Idrettskrins

2013

NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrins



ØKONOMISK ÅRSBERETNING SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

2013

Sogn og Fjordane Idrettskrins (SFIK) er eit fellesorgan for idretten i Sogn og Fjordane og består av alle idrettslag, idrettsråd og særkrinsar tilslutta Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komite. SFIK held til på Idrettens Hus i Førde.

SFIK skal arbeide for at innbyggjarane i fylket får høve til å utøve idrett i sunne former ut frå sine ønskje og behov, og utan å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Idrettskrinsen skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn.

SFIK hadde 31.12.13 registrert 190 idrettslag, 16 idrettsråd og 17 særkrinsar/regionar som var representert i meir enn 5 idrettslag i fylket.

SFIK hadde ved utgangen av rekneskapsåret 4 personar tilsett i 2,8 årsverk. Styret består av 5 styremedlemar og 2 varamedlemar. Blant desse er det 3 kvinner.

Sjukefråveret var 15,2 % i 2013.

Det høge sjukefråveret skuldast m.a. at org.sjef var ute for ei bilulukke 28.august 2013 og er framleis delvis sjukemeld.

Rekneskapet for SFIK syner eit overskot på kr. 243.571,-.

Overskotet kjem frå refusjon av sjukepengar i høve sjukefråver og at ein tilsett gjekk ned i stillingsprosent frå oktober.

Pr. 31.12.13 er eigenkapitalen på kr. 3.214.102,-

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen, med tilhøyrande notar, gjev fullgod informasjon om verksemda gjennom året. Den likviditetsmessige stillinga er god.

Styret kjenner ikkje til at det etter rekneskapsårets slutt er skjedd noko som er av ein slik karakter at det påverkar SFIK si stilling og styret meiner føresetnaden for vidare drift er til stades.

Det er eit godt arbeidsmiljø og det er ikkje rapportert om skadar eller ulukker i samband med arbeidet. SFIK ureinar ikkje det ytre miljø ved si verksemd.

Førde 06.02.14

 Arve Heimdal Styremedlem	 Aud Kari Isane Lejar	 Torill Faleide Styremedlem
 Rune Helge Sunde Styremedlem	 Anne Leversund Organisasjonssjef	 Johan Kåre Kjerstad Styremedlem

Sogn og Fjordane Idrettskrins

Resultatregnskap 2013

DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTE	2013	2012
INNETEKTER	1		
Sponsor- og salsinntekter		651 875	1 400 350
Offentlige tilskot	2	3 368 865	2 964 166
Andre inntekter	3	<u>880 431</u>	<u>834 454</u>
Sum driftsinntekter		<u>4 901 171</u>	<u>5 198 971</u>
Varekostnad		4 193	7 971
Lønns- og personalkostnader	4	1 935 462	2 101 401
Tilskot	5	1 458 616	2 029 980
Andre driftskostnader	6	<u>1 400 605</u>	<u>1 443 567</u>
Sum driftskostnader		<u>4 798 876</u>	<u>5 582 918</u>
Driftsresultat		<u>102 295</u>	<u>-383 948</u>
Finansposter			
Finansinntekter		141 277	120 133
Finanskostnader		<u>0</u>	<u>0</u>
Sum finanskostnader		<u>141 277</u>	<u>120 133</u>
ÅRSRESULTAT		<u>243 572</u>	<u>-263 815</u>
Disponering av årets resultat			
Til/frå eigenkapital		-243 572	263 815
Avsetning/sjølvpålagte restriksjonar		<u> </u>	<u> </u>
Sum disponering		<u>243 572</u>	<u>263 815</u>

Sogn og Fjordane Idrettskrins

Balanse per 31. desember 2013

EIENDELER	NOTE	2013	2012
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Inventar og utstyr		<u>1</u>	<u>1</u>
Sum varige driftsmidler		<u>1</u>	<u>1</u>
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar	7	<u>150 000</u>	<u>150 000</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>150 000</u>	<u>150 000</u>
Sum anleggsmidler		<u>150 001</u>	<u>150 001</u>
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar	8	80 832	103 242
Andre kortsiktige fordringar	9	<u>134 154</u>	<u>21 194</u>
Sum fordringar		<u>214 986</u>	<u>124 436</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	10	4 208 892	3 531 841
Sum omløpsmidlar		<u>4 423 878</u>	<u>3 656 277</u>
SUM EIENDELER		<u>4 573 879</u>	<u>3 806 278</u>

EGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital	11	2 970 530	3 234 345
Årsresultat	11	<u>243 572</u>	<u>-263 815</u>
Sum egenkapital		<u>3 214 102</u>	<u>2 970 530</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		213 020	104 285
Skatt og offentlige avgifter		14 841	11 054
Annen kortsiktig gjeld	12	<u>1 131 916</u>	<u>720 409</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 359 777</u>	<u>835 748</u>
Sum gjeld		<u>1 359 777</u>	<u>835 748</u>
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		<u>4 573 879</u>	<u>3 806 278</u>

Førde 06.02.14



Arve Heimdal
Styremedlem




Aud Kari Isane
Lejar




Torill Faleide
Styremedlem



Rune Helge Sunde
Styremedlem



Johan Kåre Kjerstad
Styremedlem



Anne Leversund
Organisasjonssjef

Sogn og Fjordane Idrettskrins

Noter til regnskapet 2013

Note 1 **Rekneskapsprinsipp**

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god regnskapsskikk i Norge

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eie eller bruk, er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetales innan et år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Dersom verkeleg verdi av anleggsmidlar er lågare enn balanseført verdi og verdifallet forventast ikkje å være forbigåande, er det føreteke nedskrivning til verkeleg verdi. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid avskrivast lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Annen langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

Aksjar og andelar i andre selskap

Aksjar der selskapet ikkje har betydelig innflytelse, er klassifisert som anleggsmidlar og er balanseført til anskaffelseskost. Investeringane nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som forventast å ikkje være forbigåande. Mottatt utbytte frå selskapa inntektsføres som annen finansinntekt.

Nedskrivningar reverserast når grunnlaget for nedskrivning ikkje lengre er til stede.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av de enkelte fordringane.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffelse.

Pensjon

Pensjonsforpliktingar finansiert over drifta er beregnet og balanseført under avsetning for forpliktingar. Pensjonsordningar finansiert via sikra ordningar er ikkje balanseført. Pensjonspremien ses i disse tilfelle som pensjonskostnad og klassifiserast saman med lønnskostnader.

Inntektsføringsprinsipp

Driftsinntekter og offentlige tilskot inntektsføres når de er opptent. Sponsorinntekter inntektsføres over avtaleperioden.

Periodiseringsreglar

Utgifter kostnadsføres i same periode som tilhørande inntekt. For prosjekter som har øyremerkta midlar der aktiviteten ikkje er fullført ved periodens utløp, foretas det inntektsavsetningar.

Skatter

Sogn og Fjordane Idrettskrins driver ikkje skattepliktig verksemd og er difor ikkje skattepliktig.

Note 2 Offentlige tilskot

Regnskapsposten består av:	2013	2012
Fylkestilskot	1 250 000	1 250 000
Prosjektilskot fylket	250 000	
Rammetilskot frå NIF	1 403 919	1 341 981
Tilskot til klubb- og idrettsrådsutvikling frå NIF	199 579	203 168
VO-tilskot frå NIF	67 926	92 385
Prosjektilskot NIF	217 000	
Tilskot Sparebankstiftinga	225 000	
Tilskot til kursaktivitet frå NSF	15 000	10 500
Tilskot overført 2014	-300 000	
Andre tilskot	40 441	66 132
Sum	3 368 865	2 964 166

Note 3 Andre inntekter

Regnskapsposten består av:	2013	2012
Momskompensasjon	231 394	159 301
Kursinntekter	401 134	321 915
Sal rekneskapstenester	206 015	204 020
Andre inntekter	41 888	149 218
Sum	880 431	834 454

Note 4 Lønns- og personalkostnader

	2013	2012
Lønn fakturert frå NIF	1 825 803	1 877 071
Andre ytingar fakturert frå NIF	68 061	54 603
Andre personalkostnader	41 598	169 727
Sum	1 935 462	2 101 401
Tal årsverk	3	3,5

Frå 2005 ble alle lønnskostnader i Idrettskretsen ført brutto i NIFs regnskap og vidarefakturert Idrettskretsen.

NIF har det formelle arbeidsgjevaransvaret for tilsette i Idrettskretsen og kostnaden presentert i kretsens rekneskap utgjør vidarefaktureringa av lønn frå NIF.

Tal årsverk reflekterer tal årsverk som er utført for kretsen i rekneskapsåret.

Lønn til organisasjonssjef utgjør kr 562 772.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 57 313 inkl. mva. til lovpålagt revisjon, og kr. 2 313 inkl. mva til andre attestasjonstenester.

Det er i 2013 utbetalt godtgjersle for tapt arbeidsforteneste til styreleiar kr. 8 848,-. Godtgjersla gjeld ekstraarbeid i 2012. Det er ikkje gitt lån til tilsette pr 31.12.13.

Idrettskretsen er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Krinsens pensjonsordningar tilfredsstillar krava i denne lov. For 2012 er det betalt inn kr 133.927 og kostnadsført kr. 133.927 i pensjonspremie. Kretsens tilsette kan velje å gå av med AFP frå fylte 62 år.

Note 5 Tilskot

Regnskapsposten består av:	2013	2012
VO-tilskot til særkrinsar og andre	45 616	61 980
Tilskot til Idrettssenteret AS - Prosjekt TOPP-idrettsutvikling	612 500	1 225 000
Direkte tilskot til særiddrettane	743 000	743 000
Andre tilskot	57 500	
Sum	1 458 616	2 029 980

Note 6 Andre driftskostnader

Regnskapsposten består av:	2013	2012
Kontorkostnader	740 566	776 975
IT-kostnader	76 540	83 392
Idrettsfaglig bistand	33 646	13 123
Reise- og opphaldskostnader	385 855	394 504
Andre kostnader (inkludert avsetningar)	163 997	175 573
Sum	1 400 605	1 443 567

Note 7 Finansielle anleggsmidlar

Investering i aksjar	Sofik AS	Idrettssenteret AS	Sum
Forretnings-kontor	Førde	Sogndal	
Stemme og eigardel	100,00 %	50,25 %	
Kostpris	100 000	201 000	
Bokført verdi	50 000	100 000	150 000
Eigenkapital pr. 31.12.12	745 174	448 823	
Resultat 2012	-17 481	115 417	

Sofik AS har teke opp lån i samband med finansiering av Idrettens Hus. Restlån pr. 31.12.13 kr. 437.512,-. Dette lånet er sikra med pant i Idrettens Hus

Note 8 Kundefordringar

Debitormassen er oppført til pålydande med frådrag for avsetning til usikre fordringar på kr. 80.832,40

Note 9 Andre kortsiktige fordringar

Regnskapsposten består av:	2013	2012
Saldo frankeringsmaskin	7 788	7 514
Andre påløpte inntekter	126 366	13 680
Sum	134 154	21 194

Note 10 Bankinnskot

Av likvide midlar på kr 4.208.891,65 utgjør bundne skattetrekksmidlar kr 8.359,-

Note 11 Eigenkapital

	Annen eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr 01.01.13	2 970 530	2 970 530
		0
Årets endring i eigenkapital:		0
Årets resultat til annen eigenkapital	243 572	243 572
Avsetning/sjølvpålagde restriksjonar	0	0
Eigenkapital pr. 31.12.13	3 214 102	3 214 102

Note 12 Annen kortsiktig gjeld

Regnskapsposten består av:	2013	2012
Påløpte kostnader	108 223	14 956
Forskotsbetalte inntekter	302 395	2 395
Atthaldne særkrinstilskot grunna manglande rapportering	22 003	0
Skyldig lønn	15 376	13 103
Innbetalt frå nedlagde idrettslag	45 068	45 068
Rest lotteriinntekter	638 852	644 887
Sum	1 131 916	720 409



Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Idrettskrins

Melding frå revisor

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Idrettskrins, som viser eit positivt aktivitetsresultat på kr 243.572. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, aktivitetsrekneskap, for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for organisasjonen sin utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av organisasjonen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Sogn og Fjordane Idrettskrins per 31. desember 2013, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen. 1B, NO-6800 Førde

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av organisasjonen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 6. februar 2014

Pricewaterhousecoopers AS



Trond Naustdal
Statsautorisert revisor

Melding frå kontrollkomiteen Sogn og Fjordane Idrettskrins 2013

Til
Kringstinget i Sogn og Fjordane Idrettskrins

MELDING FRÅ KONTROLLKOMITEEN FOR 2013

Kontrollkomiteen har saman med revisor gått gjennom Sogn og Fjordane Idrettskrins sitt rekneskap for 2013, samt revisjonsmelding frå revisjonsselskapet PricewaterhouseCoopers AS.

Rekneskapan gjev etter vår meining tilfredsstillande oversikt over den økonomiske sida av verksemda - i samsvar med lov og vedtak.

Vi gjer framlegg om at rekneskapet for Sogn og Fjordane Idrettskrins slik det er lagt fram, blir godkjend.

Førde 30.01.2014


Bjarte Urnes


Bjørg Eikum Tang



Idrettsglede for alle

STRATEGIPLAN
2014-2016
Idretten i Sogn og Fjordane

Strategiplan idretten i Sogn og Fjordane 2014-2016

Innhold:

Innleiing	109
Status/no-situasjon idretten i Sogn og Fjordane. Kjenneteikn	110
Referansegrunnlag	110
VISJON	115
Hovudmål for idretten i Sogn og Fjordane	111
Idretten i Sogn og Fjordane sitt verdigrunnlag	115
Hovudutfordringar 2014-2016	112
INNSATSOMRÅDE	113
Aktivitet	113
<i>Barneidrett</i>	114
<i>Ungdomsidrett</i>	115
<i>Framtidas utøvarar</i>	116
<i>Idrett for funksjonshemma</i>	116
Organisasjon	117
<i>Idrettslaga og frivillig innsats</i>	118
<i>Idrettsrådet</i>	119
<i>Kompetanseutvikling</i>	119
<i>Antidopingarbeidet</i>	119
Rammevilkår	120
Idrettsanlegg	121
Idrett og folkehelse	122
<i>Fysisk aktivitet i nærmiljøet – prosjektet Trim I lag</i>	122
Idrett og samfunn	123
<i>Samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune</i>	123
<i>Politisk påverknad</i>	123
<i>Trafikktryggleik</i>	124

DM-668759

Strategiplan idretten i Sogn og Fjordane 2014-2016

Sogn og Fjordane Idrettskrins

Innleiing

Strategiplanen skal gi vegvala for utvikling av idretten i Sogn og Fjordane dei to komande åra. Idrettsorganisasjonane er medlemsstyrte organisasjonar. Alle medlemmer i idretten er like mykje verdt, uansett bakgrunn og prestasjonsevne.

Saman skal vi gjere vårt beste for å skape trygge oppvekstmiljø og vennskap, yte aktivitetstilbod etter ønskje frå medlemene og spreie idrettsglede. Idrettslaget skal vere eit fellesskap der det er godt å vere for alle.

Planen skal gi retning og vere verktøy for idrettskrinsen, særkrinsar/regionar/særidrettar, idrettsråd og idrettslag sitt arbeid med å vidareutvikle og styrke idrettstilbodet for innbyggerane i fylket.

Ved å løfte saman på tvers av arbeidsdelinga i idretten, kan vi betre løyse ut den beste innsatsen som gir vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

I framlegget til Strategiplan 2014-2016 har idrettskrinsstyret lagt opp til at idretten i Sogn og Fjordane set særleg fokus på **fire hovudutfordringar**.

Ungdom - utfordringa er å fornye ungdomsidretten slik at fleire vel å halde fram som aktive innanfor organisert idrett.

Altfor mange forlet dei organiserte aktivitetstilboda. Idrettsorganisasjonane har lenge sett utfordringa og har leita etter dei gode løysingane. Det er viktig saman å finne dei gode døma, vise omstillingsevne og samarbeide på tvers av idrettane og organisasjonsledda.

Styrka rammevilkår – dei økonomiske rammevilkåra for krinsledda er sterkt pressa. Manglande kompensasjon for løns- og prisstigning over mange år frå sentralleddet og frå fylkeskommunen, set støttefunksjonane hardt på prøve. Dette skeivforholdet må rettast opp.

Idretten sin innsats i førebyggjande helsearbeid må speglast i betre rammevilkår frå det offentlege både lokalt og på fylkesnivå.

Klubbutvikling – er nøkkelen til å gjere kvardagen enklare i idrettslaget. Ein god organisasjon prega av kompetanse, kontinuitet og planstyrt arbeid gir personell i organisasjonen som trivs og ønskjer resultat.

Framtidas utøvarar – fylket har mange gode prestasjonsmiljø og utviklar mange toppidrettsutøvarar på høgt nivå nasjonalt og internasjonalt. Utfordringa er å sikre etterveksten og få fram fleire gode utviklingsmiljø i fylket både på utøvar- og trenarsida på tvers av særiddrettar.

Strategiplan 2014-2016 inviterer idrettskrinstinget til debatt på systematisk utvikling av unge utøvarar og trenarar, og elles til gode drøftingar på utfordringar og mål på andre innsatsområde.

Status/no-situasjon idretten i Sogn og Fjordane. Kjenneteikn.

Vi er mange, har eit stabilt medlemstal (rundt 44000) og er det fylket som har nest størst aktivitetstal målt etter innbyggartal.
Vi er stolte over den store frivillige innsatsen i idrettslaga og dei mange eldsjelenes som dagleg legg til rette aktivitet eller byggjer idrettsanlegg.
Vi har stor breidde og aktiviserer om lag 26000 barn og ungdom.
Vi har mange gode utviklings- og prestasjonsmiljø i fylket som arbeider med kontinuitet og kvalitet.
Vi har toppidrettsutøvarar som hevdar seg på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå med våre fire OL-deltakarar i Sotsji i fremste rekke.
Vi har fleire særiddrettar og lokale idrettsmiljø med høg kompetanse på store, landsomfattande arrangement.
Vi har god dugnadsånd, men må arbeide aktivt for ta vare på og rekruttere fleire frivillige.
Vi har for lite differensierte aktivitetstilbod og låg-terskeltiltak for å halde ungdom lengre i organisert aktivitet.
Vi har for dårlege økonomiske rammevilkår for idretten på fylkesnivå og i høve idrettslaga sine kostnader m.a. med bruk av offentlege idrettsanlegg.
Vi må ha fokus på rekruttering og utdanning av trenarar, leiarar og anna støttepersonell, og arbeide systematisk over tid for å bygge opp fleire gode utviklingsmiljø.

Referansegrunnlag

- ✓ Idrettspolitisk dokument 2011-2015 (IPD)
- ✓ Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017
- ✓ Rapport: Den norske toppidrettsmodellen – norsk idrett fram mot 2022
- ✓ NIF spelemiddelsøknad 2014
- ✓ Årsmelding og Handlingsplan 2012-2014

VISJON

Idretts glede for alle

Visjonen ”idretts glede for alle” skal prege både organisasjonsarbeidet og aktivitetspolitikken. Den skal medverke til at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov, slik det går fram av NIF sin formålsparagraf.

Idretts glede skal være den viktigaste drivkrafta for dei som deltek, enten ein er utøvar, trenar, domar, frivillig, føresettt eller publikum.

Det er gleden ved å delta saman med vener som skal kjenneteikne idrettskvardagen.

”Fair play” skal kjenneteikne all vår aktivitet både i topp og breidde.

Idretten er ein stad for leik, spenning, utfordringar og opplevingar.

Gleden ved å meistre er viktig for alle. Alle som deltek er like viktige uansett prestasjonsnivå.

”Idretts glede for alle” er ein krevjande ambisjon. Den utfordrar både den enkelte og fellesskapet. Vi lukkast når alle føler seg velkomne, og når samhald og ekte glede pregar kvardagen i idrettslaga.

Hovudmål for idretten i Sogn og Fjordane

Idrettsorganisasjonane skal:

- vere ein viktig samfunnsaktør og verdiskapar i Sogn og Fjordane.
- arbeide for å fremje trivsel og helse, vere allsidig og inkluderande og gi rom for idrettsleg utvikling i tråd med eigne ambisjonar.
- ta vare på og styrke den frivillige innsatsen på alle nivå i idrettsarbeidet
- legge til rette for god idrettsleg aktivitet både for topp og breidde



Idretten i Sogn og Fjordane sitt verdigrunnlag

Idretten i Sogn og Fjordane skal arbeide for at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og behov og utan å bli diskriminert på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Vi skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn og dermed styrke vår posisjon som folkerørsle og drivkraft i samfunnet.

Organisasjonsverdiar

Organisasjonen sitt arbeid skal vere prega av *frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd*.

Aktivitetsverdiar

All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som *idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom*.

Hovudutfordringar 2014-2016

Hovudutfordringar for idretten i fylket:

- **Styrka rammevilkår;** finansiering av aktivitet og drift av idretten i Sogn og Fjordane
- **Ungdom;** møte ungdomsgruppa sine behov og ønskje innanfor den organiserte idretten
- **Klubbutvikling;** bygge opp om frivillig innsats og styrka kompetanse i idrettslaget
- **Framtidas utøvarar;** systematisk utvikling av unge utøvarar/potensielle toppidrettsutøvarar innanfor ramma av ny toppidrettsstruktur (NIF) basert på behov i særkrinsane/særidrettane

Aktivitet

No-situasjon

- ✓ aktivitetstala for **aldersgruppa 6-12** år har hatt ein årleg vekst frå 2008-2011, men med ei utflating i 2012. Særiddrettane hadde i 2012 15328 aktive medlemsskap i denne aldersgruppa
- ✓ aktivitetstala for **ungdomsidretten 13-19** år syner, samla sett for alle idrettane, ei nedgåande kurve frå 2010 til 2012 med 5,9% reduksjon og ein realnedgang i det innbyggartalet i same aldersgruppe gjekk ned med 2,2% i same periode
- ✓ i perioden 2008-2011 hadde aktivitetstala for alle aldersgrupper i særiddrettane ein årleg vekst på 3%, medan det i 2012 var ein nedgang med 1993 aktivitetsmedlemer eller 4,1%
- ✓ altfor mange unge forlet det organiserte aktivitetstilbodet for tidleg
- ✓ det er viktig å finne dei gode løysingane, samarbeide på tvers av idrettane og vise omstillingsevne for å kunne møte utfordringane på ungdomssida
- ✓ idretten må på alle nivå ha sterkare fokus på ungt leiarskap og legge til rette for å engasjere nye leiarar gjennom motivasjons- og skuleringstiltak

Idrettskrinsen sin rolle

er å bidra til å legge grunnlag for aktivitetsskaping gjennom klubb-, idrettsråds- og kompetanseutvikling i samsvar med idrettsledda sine behov, styrke rammevilkåra og initiere felles prosjekt med særiddrettane og andre fagmiljø.



Foto: Stig Roger Eide

Barneidrett

Mål:

Idrettslaga har eit opent og inkluderande aktivitetstilbod for barn og held oppe nivået på tal deltakarar i aktivitet.

Delmål:

- idrettslaga sørgjer for å følgje opp retningslinjer for barneidrett og barnerettigheitene i all sin aktivitet for barn opp til 12 år
- alle idrettslag som organiserer barneidrett, bør nemne opp eit styremedlem med ansvar for barneidretten.
- idrettsskulen må prioriterast av alle og vere akseptert som eit viktig virkemiddel for å gi barn eit breitt og allsidig rørslegrunnlag og vere eit aktivitetstilbod der alle barn finn seg godt til rette
- idrettsskulen og barneidretten er dei yngste barna og foreldre/føresette sin innfallspport i idrettslaga og ein rekrutteringsarena for å få både unge aktive og leiarar inn i laget
- idrettskrinsen og idrettslaga set fokus på utdanning av barneidrettsinstruktørar




Foto: Stig Roger Eide

Ungdomsidrett

Mål:

Idrettslaga og særkrinsane/regionane møter ungdomsgruppa sine behov og ønskje med sine aktivitetstilbod.



Delmål:

- trenarane i særiddrettane legg vekt på å dempe resultatfokuset og stimulerer utøvarane og idrettsmiljøa til å bli meir utviklings- og meistringsorienterte
- alle ledd legg vekt på å stimulere til ungt leiarskap og gir ungdom medansvar for eige idrettsmiljø og sluttar opp om «Leiarkurs for ungdom 13-19 år»
- det treårige prosjektet til idrettskrinsen «Idrettslaget som trivsels, lærings- og utviklingsarena» blir ført vidare i 2014
- sikre at ordninga med spissa idrettstilbod som starta opp i 2012, blir vidareført og ivareteken i neste økonomiplanperiode i fylkeskommunen
- idrettskrinsen bør, saman med særiddrettane, vurdere **modellen** til Norges Skiforbund som eit alternativ til utvikling av ungdomsidretten
(Denne supplerer «konkurranselinja» med ei viktig «breiddelinje/halde på lenge linje».)

Skiidretten sitt tilbud til born og unge

"Mange gode og glade skiløpere"

Korleis sikre breidda i klubbane, samstundes som vi får fram gode utøvarar?



Framtidas utøvarar

Mål: Idretten i Sogn og Fjordane skal vere best i landet på systematisk utvikling av unge idrettsutøvarar i løpet av ein femårsperiode.

Delmål:

- arbeide systematisk med utvikling av unge utøvarar over tid med kontinuitet, kvalitet og kreativitet som særpreg i eit regionalt utviklingscenter i eit prosjekt med oppstart i tingperioden
- gjennomføre regional og lokal kompetanseheving for trenarar og anna støtteapparat
- formidle det beste av lokal (i Sogn og Fjordane) og nasjonal kompetanse i arbeidet å bygge sterke utviklingsmiljø i og på tvers av særiddrettane i fylket basert på deira behov
- dokumentere beste praksis for utvikling av unge utøvarar og bygge vidare den kunnskapsbasen vi har i fylket i samarbeid med HSF

***NB!** Dette innsatsområdet må organiserast som prosjekt og kan startast opp under føresetnad av ekstern finansiering.*

Idrett for funksjonshemma

Mål: Fleire funksjonshemma får informasjon, finn og nyttar eit godt tilrettelagt lokalt aktivitetstilbod.

Delmål:

- koordinere arenaer der det blir lagt til rette for informasjon om og utprøving av idrettar og aktivitetshjelpemidlar i samarbeid mellom IK, sk-ar, NAV, hjelpemiddelsentralar, HABU (fylke), fagpersonar i kommune og fylkeskommune og skular som har spesial/forsterka klassar
- hjelpe og følge opp enkeltutøvarar som har levert deltakerkort/ kontaktskjema på rekrutteringsarenaer samt følge opp enkeltpersoner som har vært på opphold på Beitostølen Helsesportssenter.
- kompetanseheving og utvikling av tilbod i idrettslaga ved å gjennomføre kurs i samarbeid mellom idrettskrinsen, NIF og aktuelle særiddrettar
- styrke eksisterande miljø og starte opp nye tilbod i idrettslag i samarbeid med SF/særiddrettar og relevante personar i kommune, skule, førstelinje, NAV med fleire.



Inkludering

Mål:

Deltaking frå underrepresenterte grupper skal aukast slik at deltakinga speglar mangfaldet i samfunnet.

Delmål:

- alle er velkomne og skal kjenne seg trygge i idrettslaga
- tilhøve som avgrensar enkelte grupper si deltaking blir fjerna
- nulltoleranse for diskriminering og trakassering uansett kjønn, etnisitet, livssyn, seksuell orientering og funksjonshemming blir handheva

Organisasjon

No-situasjon

- ✓ medlemstalet i dei 188 idrettslaga var pr. 31.12.2012 43785 medlemmer som tilsvarar omlag 40 % av innbyggjarane i Sogn og Fjordane
- ✓ Sogn og Fjordane er blant dei fylke i landet med høgast medlemstal målt høve innbyggartal
- ✓ pr. 31.12.12 var det 46666 personar som var aktive i ein eller fleire særiddrettar i fylket
- ✓ idrettslaga legg i stor grad til rette for eigenorganisert aktivitet i sine ordinære anlegg og nærmiljøanlegg
- ✓ frivillig arbeid er ein føresetnad for å ha gode tilbød i alle lokalmiljø
- ✓ frivillig innsats gir ideell verdiskaping, er samfunnsbyggande, skapar fellesskap, gir kompetanse og aukar samfunnet sin sosiale kapital
- ✓ det blir dagleg lagt ned ein svært stor frivillig innsats i idrettsorganisasjonane som kan årleg målast til om lag 800 årsverk
- ✓ pr. 31.12.13 er det 16 idrettsråd i fylket (i dei 10 andre kommunane, med få lag, tek det største idrettslaget i vare idrettsrådsfunksjonen)
- ✓ idrettsråda utøver ein viktig idrettspolitisk funksjon som felles talerøyr for idrettslaga
- ✓ det er for få lag som set av tilstrekkeleg tid til kompetansetiltak
- ✓ innsatsen og omfanget på trenarutdanning i særiddrettane varierer mykje mellom særiddrettar og frå år til år

Idrettskrinsen sin rolle

er å støtte opp om og samhandle med idrettsråd, særiddrettar og idrettslag gjennom dialog, kompetansetiltak, rettleiingstenester, informasjons- og påvirkningstiltak, og på utfordringar innan drift og utvikling av organisasjonen.

Idrettslaga og frivillig innsats

Mål:

Det frivillige arbeidet i idretten er styrka og halde ved lag som den bærande krafta i idrettslaga.

Delmål:

- idrettskrinsen, særkrinsane og idrettsråda arbeider for å gjere den administrative kvardagen enklare for idrettslaga
- idrettskrinsen og særkrinsane legg i perioden særleg vekt å stimulere det frivillige arbeidet i idrettslaga t.d. gjennom lagsbesøk og på andre møtearenaer med lag og særgrupper
- det blir arrangert årlege leiarsamlingar for å motivering og oppdatering av dei tillitsvalde

Idrettsrådet

Mål:

Alle kommunar, der tal idrettslag gir grunnlag for det, skal ha eit velfungerande idrettsråd.

Delmål:

- alle idrettsråd skal i perioden ha forhandla fram **samarbeidsavtale** med kommunen.
- idrettsråda arbeider aktivt opp mot kommunen for å styrke rammevilkåra for lokalidretten
- idrettskrinsen støtter opp om idrettsrådsstyra og deira arbeid gjennom infomasjons- og kompetansetiltak

Kompetanseutvikling

Mål:

Medlemsorganisasjonane har ein framtidsretta og ansvarleg organisasjon med kvalitativt gode idrettstilbod sikra gjennom eit planmessig utdannings- og utviklingsarbeid.

Delmål:

- klubbutvikling med tilbod om lagsbesøk, planprosessar og styrekurs skal prioriterast i alle ledd
- idrettslaga skal sikre at alle nyrekrutterte leiarar og trenarar skal ha nødvendig kompetanse i høve oppgåvene dei skal utføre
- etablert tverridrettsleg og tverrfagleg forum for trenarar blir følgd opp
- idrettskrinsen er fagleg støttespelar for organisasjonsledda på spesialområde

Antidopingarbeidet

Mål:

Idrettsorganisasjonane prioriterer verdjarbeid og fair-play, er tydleg i si haldning mot doping i alle ledd og tek i vare utøvarane sin rettstryggleik.

Delmål:

- alle ledd med sine utøvarar, trenarar og tillitsvalde tek eit tydleg standpunkt mot doping m.a. ved å gjennomføre programma/e-læringsverktøya www.rentidrettslag.no og www.renutøver.no i komande tingperiode.
- Idrettskrinsen følgjer opp idrettslaga med informasjon om programmet «Rent Idrettslag» og fornyar sitt sertifikat for «Rent Idrettslag»
- idrettsungdom, toppidrettsutøvarar og støtteapparat blir systematisk skulert
- det blir gjennomført felles tiltak/konferanse i samarbeid med fylkeskommunen og andre på antidoping og verdjarbeid der målgruppa også er skulen og ungdom generelt
- arbeide for å kunne legge til retta for målretta arbeid/informasjonsiltak i vidareg. skule

Rammevilkår

No-situasjon

- ✓ idrettsorganisasjonane på fylkesnivå, idrettskrinsen og særkrinsane, har ein svekka realøkonomisk situasjon i høve tilskotet frå Sogn og Fjordane Fylke (I løpet av 20 år, frå 1993 til 2013, har tilskotet auka med 14,7 prosent. Fylkestilskotet var i 1993 på kr. 1.090 mill. og i 2013 på 1.250 mill.). I høve kostnadsauken i desse 20 åra, er dette ein sterk realnedgang.
- ✓ Sogn og Fjordane Idrettskrins si basisfinansiering avheng av tilskot frå fylkeskommunen og Norges Idrettsforbund (NIF).
- ✓ rammetilskotet frå NIF var i 2013 på kr. 1.404 mill. (NIF har ikkje kompensert for løns- og prisstigning med meir enn 4,6 % totalt i femårsperioden 2008-2013.)
- ✓ dette inneber m.a. ein stor utfordring med å kunne finansiere tre stillingar i idrettskrinsen

Idrettskrinsen sin rolle

er å vere eit fellesorgan, ein sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane.

Mål:

Idretten i Sogn og Fjordane har gode og påreklelege rammevilkår for organisasjons- og aktivitetsutvikling.

Delmål:

- prioritere arbeidet med å sikre større årlege fylkeskommunale løyvingar til drift og aktivitet på minst 2 millionar
- arbeide for å sikre nødvendig basisfinansiering av idrettskrinsen si drift frå Norges Idrettsforbund
- gratis tilgang til offentlege anlegg for barne- og ungdomsaktivitetar

Idrettsanlegg

No-situasjon

- ✓ i Sogn og Fjordane er det i dag 2198 eksisterande anleggseiningar som er realisert med blant anna spelemidlar (det finst i tillegg ei rekkje anlegg ut over det, særleg innan friluftsliv).
- ✓ behovet for anlegg er framleis stort, særleg ut frå to kriterier:
 - tilgang på anlegg
 - geografisk avstand.(I eit fylke der innbyggjarane bur spreitt, bør det takast omsyn til geografisk fordeling av anlegg. Alle bør sikrast god tilgang til ulike typar anlegg utan at reisetida vert for lang.)
- ✓ godkjent søknadssum på spelemidlar til anlegg har vore relativt stabil fram til 2011. Frå 2011 til 2012 auka denne med 25,3 mill.
- ✓ tildelingsprosenten har årleg gått ned og ligg på om lag 20 %.
- ✓ i 2013 auka løyvingane med om lag 3,5 mill. frå året før. Tildelingsprosenten gjekk opp til 21% og tilsvarar såleis eit etterslep på nærare fem år.

Idrettskrinsen sin rolle

er å vere samordningsorgan, ein sentral aktør, rådgivar og pådrivar på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane.

Mål:

Idretten i Sogn og Fjordane er samordna på anleggsutvikling og det offentlege tek medansvar for at alle får tilgang til idrettsanlegg uavhengig av kvar ein bur.

Delmål:

- sikre ei god, samordna planlegging av nye anlegg og samarbeid om kombinert bruk av anlegga
- heilårs bruk av alle idrettsanlegg
- idrettsledda gjer seg kjent med og følgjer opp mål og intensjonar i «Regional plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2014-2017» (tilrettelegging av fysisk aktivitet for innbyggjarane i fylket, anleggsutvikling og prioritering av spelemidlar til idrettsanlegg).

Planen finn du på www.sfj.no venstremeny: **kultur**, høgre meny: **Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014–2017**

- idrettskrinsen skal arbeide for enklare rutinar i samband med søknad på spelemidlar til anlegg og sikre god tilgjengeleg kompetanse på området

Idrett og folkehelse

No-situasjon

- ✓ idretten sitt viktigaste bidrag til folkehelsearbeidet og til samfunnet, er den daglige idrettsaktiviteten i idrettslaga
- ✓ idrettslaga i Sogn og Fjordane tilbyr i hovudsak breiddeaktivitet som kjem store grupper av barn og unge til gode og dannar vanar for varig interesse for fysisk aktivitet
- ✓ idrettslaga er såleis viktige aktørar for fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv
- ✓ laga legg i stor grad til rette for eigenorganisert aktivitet i sine ordinære anlegg og nærmiljøanlegg
- ✓ dagpreparerte langrennsløyper og alpinbakkar, kunstgrasflater, ballbingar, sandvolleybaner, turstiar og turorientering er gode døme på tilbod til folk flest

Idrettskrinsen sin rolle

er å vere ein sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane og bidra som samarbeidspart i ulike prosjekt og tiltak.

Mål:

Auke oppslutnaden om fysisk aktivitet i lokalmiljøet ved å stimulerer til etablering av nye og vidareutvikling av eksisterande låg-terskeltilbod i idrettslaga i Sogn og Fjordane.

Delmål

- Prosjektet Trim I lag - fysisk aktivitet i nærmiljøet – blir starta opp i 2014 som treårig prosjekt
- rekruttere nye medlemmer / inaktive personar til tilboda som blir etablert.
- auke fokuset på breidde og låg-terskeltilbod i idrettslaga.
- bidra til betre fysisk og mental helse i befolkningen
- auke samarbeidet lokalt om folkehelseiltak mellom idretten og kommunen – folkehelserådet og idrettsrådet
- stimulere til aktivt samarbeid med andre frivillige organisasjonar i lokalmiljøet om tiltak og for å nå flest mogleg i målgruppa
- organisasjonsledda skal arbeide for betre tilhøve for eldre både i høve aktivitet og som tilskodarar
- idrettslaga arbeider for å legge til rette for eigenorganisert aktivitet i eigne treningsentra m.a. for å kome i møte ungdom og vaksne sine behov for fysisk aktivitet

Idrett og samfunn

No-situasjon

- ✓ det er utvikla eit tett samarbeid med fylkeskommunen, både med kulturavdelinga og avdelinga for opplæring
- ✓ idrettskrinsen har saman med særkrinsar/regionar oppretta god dialog med det politiske miljøet på fylkesnivå og teke opp saker med stortingspolitikarane frå fylket
- ✓ prosessen med å lage utviklingsavtale mellom idrettskrinsen og fylkeskommunen er i gang og må fullførast med sikte på å få avtalen på plass i 2014
- ✓ det er elles god dialog og gjennomført samarbeidstiltak med andre samfunnsaktørar som fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Teater

Idrettskrinsen sin rolle

er å vere ein sentral aktør og nettverksbygger på vegne av ein samla idrett i Sogn og Fjordane og bidra som samarbeidspart i ulike prosjekt og tiltak.

Samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Mål:

Vidareutvikle og styrke samarbeidet mellom idretten og fylkeskommunen

Delmål

- få ferdigforhandla utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og idrettskrinsen
- sikre spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar som eit varig tilbod
- gjennomføre fellestiltak mellom idretten og fylkeskommunen

Politisk påverknad

Mål:

Idrettsorganisasjonane i fylket opptre samla og brukar organisasjonen si politiske tyngde for styrke idretten sine økonomiske rammevilkår.

Delmål:

- idrettsorganisasjonane står fram kompetent, truverdig og uavhengig i sitt møte med politikarar og offentlege styresmakter
- synleggjere og dokumentere idretten sin eigenverdi, samfunnsverdi og nytteverdi som aktør i førebyggjande helsearbeid
- idretten er aktiv på ulike politiske arenaer som t.d. møte med dei politiske partia og politikardagar på fylkestinget

Trafikktryggleik

Mål:

Idrettsorganisasjonane skal arbeide aktivt for å sikre trafikktryggleiken for alle under reiser og utøving av idrettsaktivitet..

Delmål:

- **Ta i Vare** er vår rettesnor ved planlegging og gjennomføring av aktivitet og idrettsreiser.
- Alle har som utgangspunkt: **Bruk refleks! Bruk hjelm! Senk farten! Bruk bilbelte!**
- Idrettsledda set trafikktryggleik på dagsorden på ulike møtearenaer både lokalt og på fylkesnivå.



LANGTIDSBUDSJETT 2014-2016

LANGTIDSBUDSJETT 2014-2016 SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS

	LTB 2014	LTB 2015	LTB 2016
INNTEKTER			
Sponsorinntekter	100 000	100 000	100 000
Fylkeskommunen tilskot	1 250 000	1 560 000	1 560 000
NIF - rammetilskot	1 426 000	1 468 000	1 512 000
Utdanning, klubb utvikling, prosjekter	1 532 000	1 577 000	1 624 000
Andre inntekter, sal av tenester med mer.	418 000	430 000	442 000
Sum inntekter	4 726 000	5 135 000	5 238 000
UTGIFTER			
Personal og andre adm.kostnader	2 833 400	2 940 000	2 998 000
Utdanning, klubb utvikling, prosjekter	1 208 000	1 265 000	1 310 000
Tilskot og indir.kostn.	1 047 600	1 050 000	1 050 000
Sum driftskostnader	5 089 000	5 255 000	5 358 000
Driftsresultat	-363 000	-120 000	-120 000
Sum Finansinnt. / kostn.	120 000	120 000	120 000
Årsresultat	-243 000	0	0